



TOLL
CUSTOMS

ÅRSRAPPORT 2018

Innhald

1.	Leiarens fråsegn	2
2.	Introduksjon til verksemda og hovudtal	4
3.	Aktivitetar og resultat.....	6
3.1.	Samla vurdering av prioriteringar, resultat, måloppnåing og ressursbruk i 2018.....	6
3.2.	Resultat og måloppnåing 2018.....	7
3.3.	Hovudmål 1: Leggje til rette for korrekt og effektiv inn- og utførsel av varer	8
3.3.1.	Om vareførsel, fastsetjing og kontroll	8
3.3.2.	Prioriteringar	10
3.3.3.	Brukar- og samfunnseffektar	11
3.3.4.	Resultat og måloppnåing	11
3.3.5.	Ressursbruk.....	13
3.4.	Hovudmål 2: Verne samfunnet mot ulovleg inn- og utførsel av varer.....	14
3.4.1.	Om grensekontroll.....	14
3.4.2.	Prioriteringar	14
3.4.3.	Brukar- og samfunnseffektar	15
3.4.4.	Resultat og måloppnåing	15
3.4.5.	Ressursbruk.....	19
3.5.	Oppdrag i tildelingsbrevet 2018.....	21
3.6.	Ressursbruk 2018.....	25
3.6.1.	Disponibel ramme 2018	25
4.	Styring og kontroll i verksemda	27
4.1.	Overordna vurdering av styring og kontroll.....	27
4.2.	Forhold departementet har bedt om særskilt rapportering på	28
4.2.1.	Effektiv drift og organisasjonsutvikling.....	28
4.2.2.	Bemanning og personalforvaltning.....	29
4.2.3.	Internkontroll og risikostyring.....	34
4.2.4.	Sikkerheit og beredskap.....	35
4.2.5.	Evalueringar og brukarundersøkingar	35
4.2.6.	Oppfølging av saker frå Riksrevisjonen	36
4.2.7.	Oppfølging av saker frå Sivilombudsmannen	36
4.2.8.	Regelverksutvikling	36
4.2.9.	Innføring av personvernforordninga	36
4.2.10.	Offentlege innkjøp - arbeidslivskriminalitet	37
5.	Vurdering av framtidsutsikter.....	38
6.	Årsrekneskap	39
6.1.	Leiingskommentar årsrekneskapen 2018.....	39
6.2.	Prinsippnote årsrekneskapen.....	41
6.3.	Løyvingsrapporteringa	41
6.4.	Artskontorrapporteringa.....	41
6.5.	Velferdsfondet for Tollvesenet.....	42
7.	Oversikt vedlegg	43
8.	Tabellar og figurar	43

1. Leiarens fråsegn

Tolletaten si verksemd har i 2018 vore prega av vesentlege utviklingsaktivitetar på fleire felt. Tolletaten har prioritert eigenfinansiert system- og teknologiutvikling i tråd med verksemdsstrategien til etaten. Tolletaten har mellom anna sett i drift eit pilotprosjekt for ekspressfortolling på Ørje tollstad. Treff-prosjektet, som utviklar ikt-støtte til etaten sine kontrollområde, har sett i produksjon løysingar som mellom anna vil betre etterretnings- og analysekapasiteten i etaten. Om lag 300 pilotbrukarar nyttar systemet.

Tolletaten har fått øyremerkte midlar til utplassering av skiltlesande kamera og sensorar (Automatic number-plate recognition, ANPR) ved grenseovergangar. Prosjektet er forseinka etter den opphavelige planen. Tolletaten har i 2018 revidert prosjektet, inngått avtalar med to nye leverandørar og teke over hovudansvaret saman med Statens vegvesen. Vi har byrja med utviklinga av ei ny sentral prosesseringsløyising. Utbygging og utvikling av systemet vil halde fram med full tyngde i 2019.

Arbeidet med ny organisering av Tolletaten passerte viktige milepælar i 2018. Vi har teke imot ein rapport frå utvalet som vurderte organisering av etaten og hatt omfattande intern handsaming. Etaten ønskjer ein hovudmodell for ei etatsorganisering med to nasjonale fagdivisjonar og eit omorganisert direktorat. Modellen legg til rette for sterke fagmiljø, digitalisering av kjerneprosessar og tydelegare plassering av ansvar og avgjerdsrett. Eg er glad for den støtta og det engasjement dei tilsette gjennom sine organisasjonar har vist i prosessen.

Den interne verksemdsstyringa i Tolletaten er under utvikling. Det er etablert ein ny målstruktur for etaten som viser breidda i verksemda vår og medverkar til å sikre at vi tydelegare styrer mot å oppnå effektar for brukarar og samfunn. Verksemdsstyringa er styrkt mellom anna ved vidareutvikling av sentrale styringsdokument og betre styringsprosessar.

Tolletatens etterretningscenter er reorganisert for å gjere interne roller og prosessar tydelege og auke leveransane av etterretningsprodukt. Senteret har i 2018 levert eit vesentleg tal på etterretningsrapportar til operativ og strategisk bruk og er ein sentral bidragsytar i Treff-prosjektet.

Tolletaten handterer stadig større trafikkmengder. Talet på deklarasjonar og varelinjer aukar vesentleg både for innførsel og utførsel. Vi har i 2018 prioritert kontroll av større saker om tollverdi, toll og varer med restriksjonar. Når det gjeld ulovlege varer og varer med restriksjonar, er etterretningsbaserte kontrollar retta mot organisert og profesjonell smugling prioritert, i tillegg til generell høgt nærvær ved grenseovergangar. Vi har retta særleg merksemd mot varer med restriksjonar på områda helse, miljø og sikkerheit. Samla er resultatata om lag på nivå med dei seinare åra. Eg vurderer resultatata som tilfredsstillande, særleg med tanke på at det har vore stort press på driftsbudsjettet for å kunne prioritere naudsynte forbetnings- og utviklingsaktivitetar.

Etaten har oppdaga omfattande avvik frå personvernregelverket, mellom anna knytt til handsaminga av opplysningar frå ANPR. Desse avvika er meldt til Datatilsynet. Det er gjennomført ei grundig kartlegging av etaten si handtering av personopplysningar og evna til informasjonssikkerheit. Kartlegginga viser at etaten har vesentlege utfordringar på området. På bakgrunn av kartlegginga har vi sett i verk eit breitt spekter av tiltak. Vidare implementering og gjennomføring av tiltaka vil halde fram i 2019.

Tolletaten har i 2018 vesentlege ubrukne midlar sett av til større investeringar og utviklingstiltak. Brorparten av mindreforbruket har si årsak i eingongseffektar knytt til forseinkinga i ANPR-prosjektet. Vidare har vi teke grep for å styrkje styring og kontroll med it-prosjekta i etaten, mellom anna ved å innføre programstyring av eit knippe sentrale prosjekt.

Oslo, 5. mars 2019

Øystein Børmer
Tolldirektør

2. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Tolletaten er ein etat under Finansdepartementet. Tolletaten består av eit direktorat og seks tollregionar. Oppgåvene til direktoratet er å utvikle regelverk, utøve verksemdsstyring og ta hand om felles støttefunksjonar. I tillegg er direktoratet klageinstans for næringsliv og publikum. Tollregionane utøver lokalforvaltninga i etaten.

Tolletaten utfører ei rekkje kontrolloppgåver ved import og eksport av varer, og forvaltar eige regelverk, men også regelverket til andre etatar på grensa.


Øystein Børmer er tolldirektør og leier etaten. Ved utgangen av 2018 var det 1 613 tilsette. Samla budsjetttramme for 2018 var 1,796 milliardar kroner.

Tolletatens sentrale samfunnsoppgåver er å:

- Leggje til rette for korrekt og effektiv inn- og utførsel av varer
- Verne samfunnet mot ulovleg inn- og utførsel av varer

Organisering av etaten per 31. desember 2018:

Figur 1: Organisasjonskart Tolletaten



Tabellane nedanfor viser volum- og nøkkeltal frå samfunnsoppdraget og rekneskapen til etaten.

Tabell 1: Utvalde volumtal 2016-2018

Volumtal 2016 - 2018	2016	2017	2018
Tal på kontrollar i grensekontrollen	229 286	227 464	240 670
Tal på kontrollar i grensekontrollen med treff	26 084	36 270	35 894
Treffprosent i grensekontrollen	11 %	16 %	15 %
Tal på beslag	34 908	37 498	37 811
Tal på narkotikabeslag	3 881	4 352	4 223
Tal på varekontrollar/økonomiske kontrollar ^{*1}	161 477		
Tal på deklarasjons- og etterkontrollar	151 310	164 086	166 674
Tal på innførselsdeklarasjonar handsama	5 761 647	6 069 669	6 358 166
Tal på utførselsdeklarasjonar handsama	1 433 180	1 470 631	1 537 405
Tal på spørsmål som informasjonssentra har svara på	62 802	65 198	64 511

*1 Denne vart fasa ut i 2017, og erstatta av tal på deklarasjons- og etterkontrollar".

Tabell 2: Nøkkeltal frå rekneskapen 2016-2018

Nøkkeltal 2016-2018	2016	2017	2018
Tal på årsverk ^{*1}	1 397	1 420	1 384
Samla tildeling post 01-99 i millionar kroner	1 512	1 736	1 796
Utnyttingsgrad post 01-29	97 %	97 %	97 %
Driftsutgifter i millionar kroner	1 357	1 493	1 545
Lønnsutgifter, del av driftsutgifter	65 %	69 %	68 %
Lønnsutgifter per utførte årsverk ^{*2 og 3}	627 352	721 332	757 336

*1 Årsverktrekninga er basert på DFØ sin mal.

*2 Frå og med 2017 er utgifter til Statens Pensjonskasse inkludert. Dette er årsaka til den store auken i delen av samla utgift per årsverk frå 2016.

*3 Auken i lønsutgift per årsverk (5 prosent) har hovudsakeleg si årsak i lønnsoppgjeret (hovudoppgjer) og ei eingongs utbetaling i samband med opprydding i dei tilsette sine tidskontoar knytt til over- og reisetid.

3. Aktivitetar og resultat

3.1. Samla vurdering av prioriteringar, resultat, måloppnåing og ressursbruk i 2018

Tolletaten vurderer at den samla måloppnåinga i 2018 er god.

Vi opplever at talet på deklarasjonar, varelinjer og samla tollverdi aukar også i 2018, noko som vidarefører ein langvarig trend. Ein meir fragmentert og aukande vareførsel medfører at etaten må halde fram med å utvikle analyse- og risikobasert objektutveljing. I arbeidet med å leggje til rette for korrekt og effektiv inn- og utførsel av varer i den kommersielle vareførselen ser vi at lokale risikovurderingar og meir målretta kontrollar mot til dømes enkelte bransjar gir gode resultat.

I vareførselen har etaten i 2018 prioritert kontroll av tollverdi, toll og restriksjonar, og vi har oppnådd gode resultat i deklarasjons- og etterkontroll. Med høve for å skrive ut gebyr for brot på plikter i tollova har etaten ein effektiv sanksjoneringsmetode, som stimulerer til å rette seg etter tollregelverket.

På grensekontrollområdet erfarer vi at høgt nærvær medverkar til gode kontrollresultat, særleg blant dei som freistar å smugle i mindre omfang. Dette gjeld mellom anna post, der vi stadig tek meir narkotika og valdsprodukt når vi aukar kontrollaktiviteten.

Dei mest profesjonelle kriminelle aktørane tilpassar seg Tolletaten si kontrollverksemd. Det ser vi mellom anna ved at smugling av khat har endra modus frå fersk vare med fly- og bilpassasjerar, til tørka vare som vert sendt som post. Vi har også grunn til å tru at alkoholsmugling har endra modus. Bruk av målretta etterretning og kontroll er avgjerande verkemiddel for å avdekkje slike endringar.

Etatens etterretningssenter arbeider med strategiske produkt som skal gi input til kva for prioriteringar vi bør gjere, basert på trendar og risiko.

Tek vi omsyn til at etaten er i ein omfattande omstillingsperiode, der ein større del av budsjetta er sett av til sentrale utviklingsprosjekt, og at etaten stadig må handtere større trafikkvolum, vurderer vi resultatata som gode. Dette har si årsak både i svært dedikerte tenestemenn og at tydelege prioriteringar og god etterretning medverkar til god objektutveljing.

3.2. Resultat og måloppnåing 2018

Under er ei oppstilling av mål sett av Finansdepartementet samt resultat på indikatorane for 2018.

Tabell 3: Oversikt over mål, resultatindikatorar og resultat i 2018

Mål	Resultatindikatorar	Mål 2018	Resultat 2018	Avvik i % resultat/mål
Leggjje til rette for korrekt og effektiv inn- og utførsel av varer	1.1 Tal på innførselskontrollar med treff	49 150	52 242	6 %
	1.2 Tal på utførselskontrollar med treff	8 480	10 992	30 %
	1.3a Auka tollverdi i deklarasjonskontrollen	3 275 000 000	6 117 449 727	87 %
	1.3b Redusert tollverdi i deklarasjonskontrollen	-22 960 000 000	-27 069 702 157	18 %
	1.4 Tal på etterkontrollar med treff	250	288	15 %
	1.5 Tal på alvorlege lovbrøt (AOT) for hovudmålet	110	106	-4 %
	1.6 Del av vedtak som tilfredsstillar standardiserte retningslinjer for god saksbehandling	95 %	100 %	5 %
	1.7 Del av søknader om klass. av varer i samsvar med tolltariffen hansama innan 90 dagar	99 %	87 %	-12 %
	■ Tal på saker hansama innan 90 dagar	5 064	4 366	-14 %
	■ Totalt tal på saker	5 115	5 028	-2 %
	1.8 Del av omrekningssøknader som vert handsama elektronisk	77 %	78 %	1 %
	■ Grunnlag: Del av omrekningssøknader handsama elektronisk	74 390	85 966	16 %
	■ Grunnlag: Totalt tal på omrekningar	96 020	109 659	14 %
	Mål	Resultatindikatorar	Mål 2018	Resultat 2018
Verne samfunnet mot ulovleg inn- og utførsel av varer	2.1 Tal på treff i kontroll av reisande	16 515	16 114	-2 %
	2.2 Tal på treff i kontroll av gods og kurér	600	594	-1 %
	2.3 Tal på treff i kontroll av transportmiddel	5 900	7 100	20 %
	2.4 Tal på treff i kontroll av post	11 000	12 086	10 %
	2.5 Tal på avdekte alvorlege lovbrøt (AOT) for hovudmålet	600	609	2 %
	2.6 Sum vekta AOT for hovudmålet	2 700	2 228	-17 %

På dei neste sidene presenterer vi resultatata for det enkelte hovudmål.

3.3. Hovudmål 1: Leggje til rette for korrekt og effektiv inn- og utførsel av varer

Tabell 4: Hovudmål 1 - resultat og måloppnåing resultatindikatorar 2016-2018*

Mål	Resultatindikatorar	Mål 2018	Resultat 2018	Avvik i %	Resultat 2017	Resultat 2016
Leggje til rette for korrekt og effektiv inn- og utførsel av varer	1.1 Tal på innførselskontrollar med treff	49 150	52 242	6 %	53 992	48 028
	1.2 Tal på utførselskontrollar med treff	8 480	10 992	30 %	9 135	8 137
	1.3a Auka tollverdi i deklarasjonskontrollen	3 275 000 000	6 117 449 727	87 %		
	1.3b Redusert tollverdi i deklarasjonskontrollen	-22 960 000 000	-27 069 702 157	18 %	-	-
	1.4 Tal på etterkontrollar med treff ¹	250	288	15 %	254	234
	1.5 Tal på alvorlege lovbrøt (AOT) for hovudmålet	110	106	-4 %	104	109
	1.6 Del av vedtak som tilfredsstillar standardiserte retningslinjer for god saksbehandling	95 %	100,0 %	5 %	96 %	99 %
	1.7 Del av søknader om klass. av varer i samsvar med tolltariffen handsama innan 90 dagar	99 %	86,8 %	-12 %	96 %	98 %
	■ Tal på saker handsama innan 90 dagar	5 064	4 366	-14 %	4 802	5 524
	■ Totalt tal på saker	5 115	5 028	-2 %	4 977	5 631
	1.8 Del av omrekingssøknader som vert handsama elektronisk ^{*2}	77 %	78,4 %	1 %	80 %	51 %
	■ Grunnlag: Tal på omrekingssøknader handsama elektronisk	74 390	85 966	16 %	76 863	28 955
	■ Grunnlag: Totalt tal på omrekingar	96 020	109 659	14 %	95 994	56 427

*1 Resultatindikator 1.4 for 2016 er vektet for å kompensere for endringar i ressursar og oppgaver etter oppgaveoverføringa til Skatteetaten.

*2 Det vert i årsrapporten 2017 gjeve feil resultat for 2016 på denne indikatoren. Korrekt resultat er 51%.

3.3.1. Om vareførsel, fastsetjing og kontroll

Tolletaten skal leggje til rette for korrekt og effektiv inn- og utførsel av varer for både næringslivet og privatpersonar. Dette gjer vi ved å tilby næringslivet effektive prosedyrar og rask tollbehandling. Vi nyttar også tilpassa verkemiddel som informasjon, rettleiing og ulike kontrolltiltak for næringslivet og privatpersonar.

Kontrollaktiviteten til Tolletaten skal vere korrigerande, ved at vi oppdagar og rettar feil. Den skal også verke preventivt. Føremålet er å bidra til auka etterleving hos både næringsliv og privatpersonar. Derfor arbeider vi kontinuerleg med forbetring av næringslivets deklarasjon. Det gjer vi gjennom forenkling, digitalisering, målretta informasjon og rettleiing. Vi legg også til rette for elektronisk omreking som næringslivet kan gjennomføre sjølv.

Tollekspedering av varer skjer ved jamleg deklarasjon i Tolletatens elektroniske fortollingssystem (TVINN)^{*1}. Deklarasjonane er grunnlag for fastsetjing av toll og basis for statistikken over norsk utanrikshandel. Alle deklarasjonar vert risikovurdert i fortollings-systemet. Deklarasjonar som Tolletaten ikkje vel ut til kontroll, blir godkjende og ekspederte*. Ved ein deklarasjonskontroll* sjekkar Tolletaten informasjonen som er gjeve i deklarasjonen mot underliggjande dokumentasjon og eventuelt mot den fysiske vara.

Deklarasjonskontroll – med eller utan fysisk kontroll av varer* – kan føre til at deklarasjonar blir korrigerd, og at deklarasjonsdata (varenummer, vekt, verdi, avgift mv.) kan verte endra, med eller utan beløpsmessige konsekvensar.

Etterkontroll* er eit viktig verkemiddel for å sikre etterleving av tollreglane. Denne kontrollforma er spesielt føremålstenleg når det er nødvendig å gjere ei meir systematisk og grundig vurdering. Det kan til dømes vere nødvendig å kontrollere tollverdi* eller opphavsdokumentasjon i ettertid av grensepassering og deklarasjon, når eit breiare informasjonsgrunnlag ligg føre. Etterkontrollane kan føre til endra klassifisering, opphav eller tollverdi. Slike endringar kan ha innverknad på mellom anna fastsetjing av toll og seinare innførselsmeirverdiavgift og særavgifter som vert deklarte til Skatteetaten.

¹ * Sjå ordliste over tolluttrykk s. 10

Påviste feil i deklarasjons- og etterkontroll kan medføre etterutrekning av toll, administrative reaksjonar/sanksjonar eller meldast til politiet.

Tabell 5: Tal på deklarasjonar og varelinjer for 2014–2018

		2014	2015	2016	2017	2018
Innførsel	Deklarasjonar	5 726 357	5 716 938	5 760 716	6 068 615	6 358 166
	Varelinjer	36 441 614	39 859 337	42 468 767	44 823 945	51 130 219
Utførsel	Deklarasjonar	1 371 289	1 421 268	1 433 012	1 470 616	1 537 405
	Varelinjer	3 884 203	4 093 617	4 123 800	4 548 421	4 706 539

Kilde: Tolletatens fortollingssystem TVINN via TRL (Tolletatens RapporteringsLøsning).

Det har dei siste åra vore ein jamn auke i talet på deklarasjonar. I 2018 vart det handsama 7,9 millionar deklarasjonar, ein auke i overkant av 5 prosent frå 7,5 millionar i 2017. Samla deklarerert tollverdi på innførte varer var 793,5 milliardar kroner, ein auke i underkant av 6 prosent frå 749,3 milliardar kroner 2017. Verdien på utførte varer var 876,1 milliardar kroner i samla deklarerert statistisk verdi, ein auke på i overkant av 12 prosent frå 779,5 milliardar kroner i 2017.

Det er også ein auke i talet på varelinjer, spesielt for import. I 2018 vart det deklarerert 51,1 millionar varelinjer, ein auke på om lag 12 prosent frå 44,8 millionar varelinjer i 2017. Dette betyr at det vert importert fleire vareparti, men at kvar last som vert deklarerert er mindre i volum og verdi. Vi trur det har si årsak i at fleire store handelsaktørar etablerer sentrallager utanfor Noreg og at dei har hyppigare og mindre sendingar til Noreg. Denne meir omfattande og fragmenterte deklarasjona utfordrar Tolletaten på fleire måtar. Det vert fleire transportar vi må risikovurdere. Dessutan blir deklarasjonskontrollane meir ressurs- og tidkrevjande å gjennomføre.

Når varer kjem til grensa kan dei anten fortollast for direkte fri disposisjon (direktefortolling) eller dei kan deklarerast for ein tollprosedyre som inneber at varene ikkje fritt kan disponerast. Tolletaten ser ein vesentleg auke i talet på direktefortollingar*. Når ein større del av vareførselen vert tollbehandla med direktefortolling, medfører det at etaten må nytte fleire ressursar utanfor ordinær kontortid. Direktefortolling må handterast når transportane passerer grensa og ikkje ved etterfølgjande deklarasjon.

Det er samtidig ei ønskt utvikling at fleire varesendingar skal fortollast og frigjevast direkte ved grensepassering, fordi det reduserer Tolletatens vidare oppfølging og gjer det mogleg med betre kontroll med vareførselen. Det er likevel ein føresetnad at direktefortollingane kan utøvast meir automatisert og effektiv enn i dag. Pilotprosjektet «Ekspressfortolling*» skal bidra til både auka grad av fortolling ved grensepassering og auka effektivitet i gjennomføringa. Eit viktig moment i «Ekspressfortolling» er at all relevant informasjon om varer og transportmiddel skal sendast inn og behandlast av Tolletaten før grensepassering. Dette vil sikre Tolletaten eit betre grunnlag for å vurdere om det skal gjennomførast ein kontroll.

Framveksten av fleire større og internasjonale selskap med meir kompleks selskapsstruktur og liten kjennskap til norsk regelverk, kan auke risikoen for feil i tollverdi når internprising vert nytta. Dette betyr at etaten har behov for å utvikle nye verkemiddel som både bidrar til at det blir enklare å gjere rett, og sanksjonar som gjer at feil får konsekvensar som verkar meir avskrekkande enn dagens sanksjonar.

*Ordliste over tolluttrykk

TVINN: Tolletatens elektroniske fortollingsystem. Alle inn- og utførselsdeklarasjonar blir ekspedert i TVINN

Deklarasjonskontroll: Ein kontroll der Tolletaten vurderer og eventuelt verifiserer deklarererte opplysningar. Verifisering kan innebære innhenting av ytterlegare dokumentasjon og/eller fleire opplysningar samt eventuelt foreta fysiske kontrollar.

Automatisk ekspedert: Fullstendige deklarasjonar som ikkje er stoppa av maske i TVINN, blir behandla maskinelt utan manuell vurdering av Tolletaten.

Lagt til manuell behandling: Deklarasjonar som anten er stoppa av éin eller fleire maskar i TVINN og/eller har ein deklarasjonskategori/prosedyre som gjer at deklarasjonen ikkje blir automatisk ekspedert (f.eks. mellombels innførsel)

Etterkontroll: Ein kontroll Tolletaten gjennomfører etter grensepassering, og gjerne i verksemda, f.eks. hos importør, eksportør eller tollagerhaldar. Etaten kan også i ettertid av grensepassering kontrollere privatpersoner sin inn- eller utførsel av varer.

Tollverdi: Fastsetjinga av den økonomiske verdien til ei vare som vert importert. Tollverdien er grunnlaget for mellom anna verditoll og innførselsmeirverdiavgift, og utgjer det viktigaste grunnlaget for utanrikshandelsstatistikken. Det er fleire metodar for å fastsetje tollverdien, men den vanlegaste er transaksjonsverdien som vil seie den prisen som faktisk er betalt eller skal betalast ved sal for eksport til Noreg.

Direktefortolling: Innførselsdeklarasjon vert gjeve i TVINN før ankomst grense og henta fram for ekspedering når sjåføren melder seg hos Tolletaten på grensa/ankomst

Ekspressfortolling: Vert prøvd ut gjennom eit pilotprosjekt på Ørje tollstad der all relevant informasjon om varer og køyretøy vert sendt inn og behandla elektronisk av Tolletaten før grensepassering. Utprøving inkluderer ei grensepasseringsløyseing der køyretøy vert registrerte elektronisk og der varer vert fristilt automatisk ved ankomst. Pilotprosjektet skal etter planen ferdigstillast i løpet av 2019.

Bindande klassifiseringsavgjerdar: Eit vedtak om kvar ei vare er plassert i den gjeldande tolltariffen. Rett varenummer gir mellom anna opplysningar om vara er tollpliktig.

Søknader om elektronisk omrekning: Ein søknad om korrigering/ending som deklaranten sender inn som ein ferdig utfylt TVINN-deklarasjon.

3.3.2. Prioriteringar

I kontroll av vareførsel (deklarasjons- og etterkontroll) har Tolletaten prioritert risikobasert objektutveljing ved større saker innan tollverdi, toll og restriksjonar.

Innan restriksjonskontroll er fokuset å sjekke om varer er restriksjonsbelagde og at nødvendige inn- og utførselsløyve ligg føre.

Vi har over fleire år jobba systematisk mot næringslivet for å få fleire til å nytte seg av elektronisk omrekning. Dette har vi også prioritert i 2018.

Ved dei største grenseovergangane på landeveg er effektiv ekspedisjonsverksemd og trafikkavvikling for kommersiell vareførsel prioritert.

I tillegg til dei overordna prioriteringane gjer etaten lokale prioriteringar ut ifrå risiko og relevans. Dømes på slike lokale prioriteringar er bransjekontrollar av flynæringa, fiskerinæringa, import av private lystbåtar, eksportkontroll av strategiske varer og innførsel av varer til messer.

3.3.3. Brukar- og samfunnseffektar

Korrekt tollverdi på innførsel er med på å sikre statens inntekter. Det gir korrekt grunnlag for verditoll og er viktig for at Skatteetaten skal kunne utføre ein effektiv og kvalitativ kontroll av innførselsmeirverdiavgift og særavgifter.

Deklarert verdi er ein viktig storleik i nasjonalrekneskapen som vert brukt av aktørar i privat næringsliv, offentlig forvaltning, politikk og forskning, både i Noreg og i utlandet. Rekneskapen danner grunnlaget for analysar og avgjerder. Desse får i sin tur innverknad på korleis tilgjengelege ressursar vert disponerte og allokerde i samfunnet og kan påverke forholdet til handelspartnerane våre.

Deklarering av for låg tollverdi kan bidra til toll- og avgiftsunndraging, medan for høg tollverdi kan være eit teikn på skatteunndraging ved at pengar flyttast frå høgskatteområde til lågskatteområde. Kriminelle som ønskjer å kvitvaske pengar eller flytte dei til andre land, kan gjere dette ved tilsynelatande legal handel der tollverdien er manipulert. Kontroll av tollverdien motverkar dermed handelsbasert kvitvasking av pengar.

Summen av fiskale korrigeringar² gjort i deklarasjons- og etterkontrollen utgjorde 91 millionar kroner i 2018. Tek vi med dei økonomiske resultatata av valuta- og IPR³-kontrollar, avdekte Tolletaten unndraging og feil for 138 millionar kroner. Beløpa er på nivå med 2017.

Tolletaten utfører kontrolloppgåver på vegner av ei rekkje styresmakter som forvaltar forbod og restriksjonar på mange varer. Også i deklarasjonskontrollen identifiserer vi risikoutsette sendingar, og vernar liv, helse og miljø gjennom å stoppe farlege og skadelege varer.

3.3.4. Resultat og måloppnåing

Tolletaten har i 2018 hatt god måloppnåing under hovudmål 1.

Talet på innførselskontrollar med treff (Resultatindikator (RI) 1.1) er 52 242 (36,8 prosent treff) som er marginalt lågare enn resultatet på 53 992 i 2017. I 2018 resulterte deklarasjonskontrollar i 6,12 milliardar kroner i auka korrigert tollverdi og etterkontrollar resulterte i 0,44 milliardar kroner i fastsett auka tollverdi.

Talet på utførselskontrollar med treff (RI 1.2) er 10 992 (45,2 prosent treff) og inneber ein auke på 20 prosent frå 9 135 kontrollar med treff i 2017.

Auka tollverdi i deklarasjonskontrollen (RI 1.3a) er 6,1 milliardar kroner, dvs. 87 prosent over plantalet på 3,2 milliardar kroner. Redusert tollverdi i deklarasjonskontrollen (RI 1.3b) er 18 prosent høgare enn plantalet på 22,9 milliardar kroner. Denne indikatoren var ny i 2018, og vi har difor ikkje relevant historisk samanlikningsgrunnlag.

² I denne samanhengen korrigeringar som inneber auke eller reduksjon av toll og avgifter


³ Intellectual Property Rights (immaterielle rettar)

Tolletaten har i 2018 utført 477 etterkontrollar (vedtak), av desse var 288 saker med treff (RI 1.4). Resultata for 2018 inneber ein auke i talet på kontrollar med 2 prosent frå 2017 då resultatet var 468 etterkontrollar (vedtak). Det er også ein auke i saker med treff med 12 prosent frå 254 i 2017. Det er ikkje relevant å samanlikne med 2016 fordi indikatoren var definert annleis og fordi etterkontrollen i 2016 også omfatta innførselsmeirverdiavgift og særavgifter.

Tolletaten avdekte både små og store feil og unndraging ved kontrollar. For å kunne jobbe meir målretta mot å avdekkje dei mest alvorlege sakene har vi definert kriterium og grenseverdier som avgjer om eit kontrollresultat kan karakteriserast som eit alvorleg lovbrøt (AOT). I 2018 avdekte Tolletaten 106 alvorlege lovbrøt for hovudmålet (RI 1.5). Dette er på nivå med 2017 då Tolletaten avdekte 104 AOT.

Vi har i 2018 avdekt færre AOT på IPR-området. Dette har i hovudsak si årsak i ein nedgang i talet på avdekte varesendingar med falske møblar og bildelar. Vi har etter oppgaveoverføringa til Skatteetaten fokusert på å avdekkje fleire AOT i deklarasjonskontrollar, og vi har sett ei rett utvikling over dei to føregåande åra, men ein tilbakegang i 2018 for talet på AOT som vert avdekt i deklarasjonskontroll. Resultatet viser at Tolletaten framleis må utvikle betre etterretning, utveljings- og kontrollmetodikk før vi kan seie at vi evnar å arbeide meir målretta under dette hovudmålet.

Figur 2: Alvorlege lovbrøt for hovudmål per område 2016-2018



Delen av vedtak som tilfredsstillar standardiserte retningslinjer for god saksbehandling (RI 1.6) er 100 prosent for 2018. Vi har hatt fokus på god kvalitet i saksbehandling i heile 2018. Vi jobbar kontinuerleg med å utvikle kompetansen til tenestemennene som fattar vedtaka slik at desse tilfredsstillar dei krava som gjeld. Dette er viktig då vi meiner at gode vedtak gjer det lettare for næringslivet å forstå regelverket.

Tolletaten fekk i 2018, 5 028 søknader om klassifisering* av varer i samsvar med tolltariffen (RI 1.7), ein marginal oppgang frå 4 977 søknader i 2017. Tenesta er frivillig og talet på søknader vil variere frå år til år.

Det er ein auke i talet på omrekningar på 14 prosent frå 2017 til 2018. Elektronisk omrekning bidrar til auka effektivisering og digitalisering i Tolletaten. I 2018 opna vi opp for automatisk ekspedering av enkelte typar elektroniske omrekningar. Dette frigjer ressursar som vi nyttar til behandling av manuelle omrekningssøknader, slik at vi reduserer saksbehandlingstida på slike søknader. Vi har sett i gang eit pilotprosjekt som inneber at søknader som ikkje vert sendt i den etablerte omrekningssløysinga i TVINN kan sendast via ei forenkla løysing i Altinn. Tolletaten vil vurdere å gjere løysinga obligatorisk i 2019.

Det er per i dag ikkje eit krav til deklantar at dei skal bruke elektronisk omrekning. Tilbakemeldingar frå nokre aktørar er at så lenge det ikkje er eit krav i TVINN-løysing til å ta

dette i bruk, vil dei ikkje investere i nødvendig programvare. Skal ordninga vere obligatorisk, er det nødvendig med ei forskriftsendring. Vi vil vurdere dette etter kvart.

Tolletaten kan sanksjonere brot på tollova, medrekna vareførselsprosedyrar, med lovbrotsgebyr. Tolletaten gav lovbrotsgebyr i om lag kvar fjerde tilfelle av påvist pliktbrot i 2018. I dei fleste sakene med lovbrotsgebyr er grunnlaget brot, på deklareringsplikta eller melde- og framleggingsplikta. Tolletaten skreiv i 2018 ut 1 490 lovbrotsgebyr, av desse var 12 prosent skrive ut i gjentakingsstilfelle. 100 vedtak er klaga inn til direktoratet, noko som gir ein klageprosent på 7 prosent. Av desse er omtrent 75 prosent ferdigbehandla. Direktoratet gav medhald i tre av sakene.

I 2018 har Tolletaten digitalisert fleire skjema. Eitt av disse er Certificate of Origin, eit ikkje-preferensielt opphavsbevis, som utanlandske tollstyresmakter ofte krev framlagt når det til dømes skal importerast fisk frå Noreg. Ved å digitalisere dette skjemaet slepp næringslivet kostnaden med å dra til næraste tollkontor for å skrive ut opphavsbevis. Næringslivet treng då heller ikkje å tenkje på etaten sine opningstider, sidan løysinga er heilautomatisert.

I 2018 vann Tolletaten «Bedre stat-prisen» for KvoteAppen. Direktoratet for økonomistyring gir prisen til det verksemdstiltaket som best har bidratt til å realisere direktoratets visjon om effektiv ressursbruk i staten. Det ble gjort over 60 000 fortollingar gjennom KvoteAppen i 2018 og omsetnaden auka med 73 prosent samanlikna med 2017. I 2018 vart det registrert 322 000 nedlastingar av KvoteAppen. I ni av ti tilfelle vert appen brukt som kvotekalkulator. Her kan dei reisande enkelt rekne ut om dei er innanfor eller over kvoten og kor mykje eventuell avgift utgjer. I 2018 vart Vipps implementert som betalingsmåte i KvoteAppen og over halvparten av fortollingane er no betalte med Vipps.

Appen blir jamleg utvikla til å omfatte også andre varer enn «kvotevarer». Erfaringane frå KvoteAppen gir grunn til å tru at dei reisande også vil ta i bruk den utvida KvoteAppen når den er ferdig. Det vil forhåpentleg gi ei høgare etterleving av regelverket for reisande.

3.3.5. Ressursbruk

I 2018 har etaten brukt 401,8 årsverk på hovudmål 1 (frårekna opplæring og kompetansetiltak). Dette er ein reduksjon med tre prosent frå 2017 då vi nytta 414,4 årsverk. Ressursane er delt i to undergrupper, vareførsel (ekspedering og deklarasjonskontroll) med 343,7 årsverk i 2018 mot 358,1 årsverk i 2017, og etterkontroll med 58,1 årsverk i 2018 mot 56,3 i 2017. Vi har ikkje samanliknbare tal med 2016, då ressursregistreringa vart lagt om for 2017.

3.4. Hovudmål 2: Verne samfunnet mot ulovleg inn- og utførsel av varer

Tabell 6: Hovudmål 2 - resultat og måloppnåing resultatindikatorar 2016-2018

Mål	Resultatindikatorar	Mål 2018	Resultat 2018	Avvik i %	Resultat 2017	Resultat 2016
Verne samfunnet mot ulovleg inn- og utførsel av varer	2.1 Tal på treff i kontroll av reisande	16 515	16 114	-2 %	16 956	16 150
	2.2 Tal på treff i kontroll av gods og kurér	600	594	-1 %	643	602
	2.3 Tal på treff i kontroll av transportmiddel	5 900	7 100	20 %	7 239	6 010
	2.4 Tal på treff i kontroll av post	11 000	12 086	10 %	11 432	3 295
	2.5 Tal på avdekte alvorlege lovbrøt (AOT) for hovudmålet	600	609	2 %	680	592
	2.6 Sum vekta AOT for hovudmålet	2 700	2 228	-17 %	2 741	2 640

3.4.1. Om grensekontroll

Føremålet med grensekontroll er å verne samfunnet mot ulovleg inn- og utførsel av farlege og ulovlege varer. Dette gjer Tolletaten gjennom synleg nærvær som førebyggjer manglande etterleving, og ved å stoppe dei som ikkje etterlever lover og regelverk for toll- og vareførsel. Tolletaten er fysisk tilstade ved grenseovergangar på landeveg, ved alle flyplassane med utanlandstrafikk, samt ved fleire hamner og på togtruter med utanlandstrafikk. Her kontrollerer Tolletaten både reisande, gods- og kurersendingar, ulike transportmiddel og postsendingar.

Etterretning og eit godt og nært samarbeid med mange ulike styresmakter, både nasjonalt og internasjonalt gir gode resultat både i form av beslag og auka etterleving.

Fysisk nærvær på grensa er nødvendig for å gjennomføre målretta kontroll. Det er også nødvendig for å påverke den opplevde oppdagingsrisikoen og gjere jamleg utveljing av kontrollobjekt av reisande og transportmiddel. I desse tilfella nyttar ofte Tolletaten samtale med publikum for å målrette kontrollane.

I statsbudsjettet for 2016 løyvde Stortinget midlar til utbygging av elektronisk nærvær på alle grenseovergangar på landeveg og ferjekaier med utanlandstrafikk. Tolletaten vil i perioden 2016 til 2020 systematisk byggje ut elektronisk utstyr med kamera og skiltgjenkjenning (ANPR) i samsvar med Stortingets løyving.

Når Tolletaten vel ut eit objekt til kontroll, nyttar vi ulike verkøy som hundar, bodyskannarar, bagasjerøntgen og skannarar til transportmiddel. Tilgangen til gode kontrollfasilitetar, som mellom anna kontrollhallar, er avgjerande for kvaliteten i kontrollgjennomføringa.

Både styrking av ressursar på etterretningsområdet, vidare utnytting av ANPR, bruk av ulike verkøy på ulike nivå i kontrollsamanheng og bemanning bidrar inn i etatens arbeid med å verne samfunnet mot ulovleg inn- og utførsel av varer.

3.4.2. Prioriteringar

Kampen mot den organiserte og alvorlege smuglinga har alltid høg prioritet. Dette arbeidet er ressurskrevjande, og er avhengig av både god etterretningsinformasjon og god kontrollgjennomføring.

Under hovudmål 2 er det prioritert å avdekke og stoppe restriksjonsvarer for områda helse, miljø og tryggleik. Varer som fell inn under desse områda er til dømes narkotika, alkohol, tobakksvarer, dopingmiddel, ulovlege legemiddel, CITES-varer⁴, ulovleg utførsel av avfall og kulturminne, valdsprodukt, strategiske varer med meir. Innan dei overordna føringane om å prioritere restriksjonsvarer gjer Tolletaten lokale vurderingar av kvar det er mest

⁴ Cites (Convention on International Trade of Endangered Species)

føremålstenleg med innsats for å oppnå best mogleg resultat. I desse vurderingane legg ein vekt på risiko- og trusselvurderingar for det aktuelle geografiske området og den konkrete trafikkstraumen, samt aktuelle ressursar, fasilitetar og utstyr som er til disposisjon.

Vi har også prioritert høgt nærvær og har fokusert på høg oppdagingsrisiko blant dei reisande.

3.4.3. Brukar- og samfunnseffektar

Tolletaten har ei viktig rolle som samfunnsvernar, gjennom å oppdage og beslagleggje restriksjonsbelagde varer som alkohol, narkotiske stoff, valdsprodukt og ulovlege legemiddel. Innsatsen til Tolletaten motverkar at samfunnsskadelege varer når forbrukarar eller den nasjonale marknaden, og bidrar slik til tryggleik for innbyggjarane. Gjennom å hindre at restriksjonsbelagde varer kjem inn på den illegale marknaden, bidrar etaten til å ta hand om interessene til samfunnet og næringslivet.

Frå 2000-talet har det vore ein auke på 200 prosent i overdosedødsfall i Europa som ein følge av bruk av sterke smertestillande medikament. Tal frå Folkehelseinstituttet for 2018 viser at fleire døyr av legemiddel som inneheld opioidar enn av heroin i Noreg. Tilgangen til legemiddel via internett gir auka trussel for bruk og omsetnad av falske legemiddel. Tolletatens kontroll av mellom anna legemiddel er eit viktig bidrag for å motverke denne trenden ved å forhindre at desse kjem til omsetnad i Noreg.

Kampen mot terror er viktig både i eit nasjonalt og eit internasjonalt perspektiv. Handel med innsatsvarer til våpenproduksjon skjer i stor grad over internett. Tolletatens eksport- og importkontroll med slike varer er viktig.

Nærvær ved landets grenseovergangar fører til at den vanlege reisande opplever ein auka oppdagingsrisiko. Auka oppdagingsrisiko fører igjen til større grad av etterleving av lover og reglar.

3.4.4. Resultat og måloppnåing

Tolletaten vurderer måloppnåinga under hovudmål 2 i 2018 som tilfredsstillande.

Talet på treff i kontroll av reisande (RI 2.1) er i 2018, 16 114. Dette er ein nedgang frå 2017 då talet på treff var 16 956.

Det er ein nedgang på 8 prosent i talet på kontroll av gods- og kurer (RI 2.2) samanlikna med 2017, frå 643 til 594. Talet på treff i kontroll av transportmiddel (RI 2.3) er i 2018, 7 100. Dette er ein nedgang på 2 prosent frå 2017 då det vart gjort 7 239 treff.


Det har vore ein auke i talet på treff i kontroll av post (RI 2.4) i 2018 med omtrent 6 prosent samanlikna med 2017, frå 11 432 treff til 12 086 treff. Det er ikkje relevant å samanlikne med resultat for 2016 då indikatoren vart endra frå og med 2017, og innhaldet ikkje lenger er samanliknbart.

Talet på alvorlege lovbrøt (AOT) (RI 2.5) ligg i 2018 på 609, ein nedgang på i overkant av 10 prosent samanlikna med 2017 då talet var 680 AOT.

Summen av vekta AOT poeng⁵ for hovudmålet (RI 2.6) er 2 228 i 2018, ein nedgang på om lag 19 prosent frå resultatet i 2017 med 2 725. Summen av vekta poeng varierer frå år til år og kan knytast til nedgang i store alkohol- og narkotikabeslag.

Talet på narkotikabeslag var det høgaste nokosinne i 2017, med nærare 4 400 beslag. Resultatet for 2018 var i overkant av 4 200 beslag, marginalt færre enn året før.

Figur 3: Tal på narkotikabeslag 2009-2018



Talet på beslag av cannabis, kokain, og andre psykoaktive stoff i 2018 har gått opp samanlikna med 2017. Talet på beslag av amfetamin, heroin og khat har i same periode gått ned, sjå vedlegg 2.

Det er ein markant auke av kokainbeslag i 2018, samanlikna med 2017. Dette gjeld både talet på beslag og totalt volum som har auka frå 37,5 kilo i 2017 til 57,9 kilo i 2018. Dette har i hovudsak si årsak i nokre store beslag gjort basert på etterretning. Mengda beslaglagt heroin har gått ned frå 26,3 kilo i 2017 til 25,9 kilo i 2018. Det er ei halvering av beslagsmengda av amfetamin som i 2018 ligg på 98 kilo samanlikna med 207 kilo i 2017. Beslagsmengda for cannabis har falle drastisk frå 1584 kilo i 2017 til 348 kilo i 2018.

Talet på narkotikabeslag gjort på personar viser ein jamn auke sidan 2009, med eit par mindre vesentlege unntak, medan talet på beslag gjort på transportmiddel viser ein generell auke, med variasjonar frå år til år. Beslag i postsendingar har utgjort den største delen av alle narkotikabeslag i 2018. For dei fleste narkotikatypene som kjem i pille- og/eller pulverform, utgjør beslag i post ein etter måten stor del av total beslaglagd mengde.

Mengda amfetamin og marihuana i postbeslag er litt høgare i 2018 enn i 2017. Dette kan indikere ei dreining i modus frå innførsel i større kvantum med transportmiddel eller personar til innførsel i mindre kvanta med post. Vi har likevel ikkje funne tilstrekkeleg støtte i data-grunnlaget for at det skjer ei slik dreining. Dei største beslagsmengdene blir framleis gjort på transportmiddel.

⁵ Vekta AOT-poeng: Talet på AOT-poeng summert opp for alle AOT-beslag. Kvant AOT-beslag får ein poengsum etter kor stort beslaget er og i kva beslagvaregruppe det høyrer til. Dei største narkotika- og dopingbeslaga gir mest poeng, medan dei største beslaga innan andre beslagvaregrupper gir noko mindre poeng. Innan kvar beslagvaretype gir beslaga meir poeng etter kor stort det er.


Når det gjeld farmasøytiske preparat har talet på beslag av dopingmiddel variert dei siste åra. I 2015 vart det beslaglagt rekordmange einingar, om lag 285 000 einingar, medan det i 2017 vart beslaglagt i overkant av 127 000 einingar. I 2018 har talet på beslag auka til i underkant av 155 000 einingar.

Tolletaten har i 2018 beslaglagt tobakksvarer med avgiftsunndraging på 35,1 millionar kroner. Dette er ein stor auke frå 2017 då verdien tilsvara 14,2 millionar kroner. Beslaga har variert i storleik dei siste ti åra, men har aldri vore så høge som no.

Talet på sigarettbeslag har gått ned frå 7 612 i 2017 til 7 105 i 2018. Mengdene har gått opp frå 6,6 millionar stk. i 2017 til 12,9 millionar stk. i 2018, i hovudsak som følgje av eitt stort beslag. I 2017 gjorde Tolletaten fleire store beslag enn i 2018, noko som indikerer ei dreining i modus, med fleire mindre beslag av sigarettar. Dette betyr at dei fleste beslaga er innanfor grensa for å skrive ut forenkla førelegg.

Talet på alkoholbeslag i 2018 er 17 120 noko som er ein nedgang frå 17 482 beslag i 2017. Mengdene i beslaga har gått ned frå 707 853 liter i 2017 til rekordlåge 400 055 liter i 2018. Mengdene i beslag av øl har ein nedgang frå 575 113 liter i 2017, til 315 864 liter i 2018. Vi meiner at dette ikkje er eit uttrykk for mindre alkoholsmugling, men at smuglinga har funne nye vegar inn i landet og at fleire av sakene er innanfor grensa for å skrive ut forenkla førelegg.

Figur 4: Beslaglagt mengde alkoholholdige drikkevarer, narkotika og tobakksvarer omrekna til brukardosar.⁶



Figur 4 viser Tolletatens beslag samla i tre hovudgrupper, omrekna til brukardosar. I 2018 er det eitt stort enkeltbeslag av sigarettar som påverkar grafen for tobakksvarer. Talet på brukardosar for narkotika og alkoholholdige drikkevarer er stabilt over mange år med ein nedgang i 2018. Det er mange forhold som påverkar beslagsmengdene, mellom anna store enkeltbeslag og endringar i modus.

⁶ Øl – 1 liter er 3 einingar, vin – 1 liter er 8 einingar, alkohol (22 – 60 pst.) – 1 liter er 25 einingar, alkohol (over 60 pst.) – 1 liter er 50 einingar, sigarar og sigarillos – 1 stk. er ei eining, sigarettar – 1 stk. er ei eining, snus – 1 kilo er 500 einingar, tobakk – 1 kilo er 1000 einingar, cannabis- 0,7 gram, kokain- 1 gram, heroin- 0,2 gram, amfetamin- 0,2 gram, khat- 250 gram, marihuana- 1 gram, annan narkotika i fast, pulver-, flytande form eller tablettar med narkotisk innhald- omrekna til x brukardosar.

Beslaglagde mengder alkohol og tobakksvarer i 2018 utgjør 63,7 millionar kroner i unndregne avgifter. Dette er ei dobling frå 2009 då denne låg på 29,4 millionar kroner, noko som indikerer at etterspørselen og marknaden for omsetnad av alkoholhaldige drikkevarer og tobakksvarer er stort og aukande.

Gjennom 2018 har det skjedd ein kraftig auke i beslag av valdsprodukt i form av knivar, stikkvåpen, slåsshanskar, batongar og elektrosjokkvåpen i postsendingar. For denne varegruppa er det gjort over 2 500 beslag i 2018. Til samanlikning var det fram til 2017 rundt 3-400 våpenbeslag i året. Det er etter måten få beslag av ammunisjon og skytevåpen.

Tabell 7: Tal på alvorlege lovbrøt hovudmål 2 og AOT- beslag fordelt på kontrollobjekttype⁷⁸

Kontrollobjekttype	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
2.5 Alvorlege lovbrøt	651	784	720	738	773	676	706	587	679	609
Tal på AOT-beslag	763	865	815	837	869	814	835	707	765	665
<i>Reisande</i>	249	332	280	305	323	230	223	183	244	146
<i>Gods og kurer</i>	99	91	100	77	72	97	102	97	90	47
<i>Transportmiddel</i>	321	328	338	356	364	385	355	314	281	244
<i>Post</i>	90	103	91	89	109	100	148	109	146	221
<i>Ukjent kontrollobjekt</i>	4	11	6	10	1	2	7	4	4	7

Resultata for tal på AOT har dei siste ti åra halde seg ganske stabilt, med nokre små variasjonar frå år til år. Talet på AOT-beslag i post har likevel auka kraftig frå 146 i 2017 til 221 i 2018. Fordelinga av tal på AOT for dei andre kontrollobjekttypene (reisande, gods og kurer, transportmiddel) er etter måten lik frå år til år i eit tiårsperspektiv. Dette kan vere uttrykk for endring av modus, men det kan også vere eit utslag av etterretning og kontroll. Etaten kan ha blindsoner som vi må skaffe meir kunnskap om før vi kan konkludere.


Mengdene av AOT-beslag har gått kraftig ned i 2018, etter rekordmengdene i 2017. Mengdene beslag som ligg under AOT-grensene held seg ganske stabilt frå 2009 til 2018, med nokre små variasjonar.

Figur 5 viser korleis talet på AOT-beslag av narkotika har endra seg hos dei tre største objekttypene. Frå 2017 til 2018 ser vi ei endring som inneber at beslaga på personar og transportmiddel går ned, medan beslaga i varesendingar, nesten berre postsendingar, går opp. Det er vanskeleg å seie om dette er ei modusendring.

⁷ Resultatindikatoren 2.5 er definert som «tal på kontrollar med minst eitt AOT-beslag». Tal på AOT-beslag vil difor vere noko høgare enn talet på AOT-kontrollar, då slike kontrollar gir fleire AOT-beslag.

⁸ For å vise AOT-beslag fordelt på kontrollobjekttypar er det tatt ut nye rapportar frå kontrollsystemet. I systemet blir beslagsstatistikken jamleg oppdatert ved tilbakemelding om korrekt mengde, til dømes frå Kripos. Tala i tabellen avviker difor frå tidlegare rapporterte AOT.


Figur 5: AOT-beslag av narkotika - fordelt på del av kontrollobjekt



Innanfor kategorien farmasøytiske preparat er det berre dopingmiddel som kan førast som AOT-beslag. Talet på AOT-beslag av dopingmiddel har halde seg veldig stabilt i perioden.

For alkoholvarer er det ein stor nedgang i både talet på AOT-beslag og beslagsmengde etter rekordmengdene som vart beslaglagt i 2017. Vi trur at dette har si årsak i ei modusendring som etaten arbeider med å verifisere. Figur 6 illustrerer nedgangen av dei største øl-beslaga i 2018. I 2016, og spesielt i 2017, gjorde etaten fleire store beslag av øl på trailer. I 2018 er det ikkje avdekt slike store øl-beslag, og den gjennomsnittlege mengda øl i AOT-beslaga er på nivå med det vi såg før 2016.

Figur 6: Gjennomsnittleg mengde i AOT-beslag av øl i liter



3.4.5. Ressursbruk

Ressursbruken under hovudmål 2 er på 575,7 årsverk. Innanfor området er det nytta mest ressursar i kategoriane kontroll av person og kontroll av transportmiddel. Desse kategoriane har også betre måloppnåing enn dei andre kategoriane under hovudmål 2. Likevel har etaten

hatt eit vesentleg sjukefråvær, ikkje-planlagde avgangar og reduserte stillingsdelar som gir færre årsverk enn planlagt. For å møte desse utfordringane har vi omprioritert ressursar knytt til turnusar, hatt færre tenestemenn på opplæringsaktivitetar og organisert dei operative etterretningsressursane på ein meir føremålstenleg måte. Slik har etaten kunne oppretthalde den politiske føringa med nærvær 24/7 ved enkelte grenseovergangar.

3.5. Oppdrag i tildelingsbrevet 2018

Tolletaten fekk ei rekkje oppdrag i tildelingsbrevet for 2018. Desse er omtala i tabell 8 under.

Tabell 8: Status for oppdrag frå Finansdepartementet

Oppdrag	Status
Utvikling av inn- og utførselsprosessar - ref. pkt. 4.1.2 i tildelingsbrev	<p>Ei arbeidsgruppe har i haust arbeidd med ein tiltaksanalyse knytt til strategi «Hovudløp for Næringslivet». Gruppa skal tidleg i 2019 leggje fram ein rapport der dei føreslår å gjennomføre konkrete tiltak/prosjekt og innføringstidspunkt for å digitalisere og effektivisere vareførselen. Dette skal vere i tråd med dei føringane som ligg i Tolletatens strategi.</p> <p>Eit pilotprosjekt for Ekspressfortolling vart sett i drift på Ørje tollstad september 2018. Prosjektet jobbar vidare med å utvide og forbetre funksjonalitet i løysinga. Ny funksjonalitet vert sett i produksjon jamleg. Piloten skal evaluerast i løpet av 2019.</p> <p>TVINN grensesnitt til manifestløysinga i ekspressfortolling er testa og sett i produksjon. Gjennomgang av løysingsskildringar og tekniske spesifikasjonar for grensesnitt med NCTS er i gang.</p>
Betre kontroll med vareførselen - ref. pkt. 4.1.2 i tildelingsbrev	<p>Tolletaten starta i 2016 ei utgreiing av korleis kontroll av vareførselen kan effektiviserast. Arbeidet er mellom anna aktualisert av oppgaveoverføringa til Skatteetaten og dei endringsbehova som i denne samanhengen har oppstått i etterkontrollen. Føremålet er effektiv kontroll av vareførselen på rett tidspunkt og med dei rette verkemidla.</p> <p>Kontroll med vareførselen blir sett i samanheng med Tolletatens totale kontrolloppgåver, og det vart i 2018 bestemt at dette skulle inngå som ein del av arbeidet med Tolletatens kontrollstrategi. Dette arbeidet er i alle høve utsett for å prioritere andre arbeidsoppgåver.</p> <p>Gjennom Treff har etaten gjort ulike tiltak for å leggje til rette for ei effektivisering av kontrollarbeidet ved å utarbeide analyseverktøy for bruk i risikovurdering og utveljing av kontrollobjekt. Analyseverktøyet gjer det mogleg å stille informasjon frå fleire interne kjelder opp saman. Systemstøtte for informasjonsfangst av strukturerte data (til dømes kurermanifest) er under utarbeiding, og vi testar dette først ut på kurermanifest.</p>
Gjennomgang av tollova - ref. pkt. 4.1.2 i tildelingsbrev	<p>Dette arbeidet har vore høgt prioritert gjennom heile 2018. Det har vore jamleg dialog og deltaking arbeidsmøte i departementet. Vi har på førespurnad gjeve tilbakemelding og vurderingar av departementets utkast. Tolletaten leverte i august ei omfattande tilbakemelding på første versjon av samla lovutgreiing. Tolletaten innhenta i den samanhengen også vurderingar frå næringslivet og landbruksstyresmaktene. Tolldirektoratet har leidd ei arbeidsgruppe med mandat om å greie ut konsekvensar og endringsbehov av landbruksføresegnene. Vi har levert innspel på behov for nye heimlar på fleire område.</p>
Internasjonalt samarbeid- ref. pkt. 4.1.2 i tildelingsbrev	<p>Tolletaten har teke del i relevante internasjonale organ, med hovudvekt på WCO og EU. Etaten leier den nasjonale komiteen for tilrettelegging av handel (WTO), som hadde sitt første møte i desember 2018. Norge har leidd WCO-komiteen for kapasitetsbygging fram til juli 2018 og vil halde fram i leiinga av WCOs revisjonskomité fram til juli 2019. Ein ny tenestemann har blitt akkreditert som WCO-ekspert i 2018. Etaten har medverka i, og for nokre avtalar leidd forhandlingar om frihandelsavtalar, hovudsakeleg gjennom EFTA. Etaten har stått departementa til teneste ved å leie forhandlingane på Tolldirektoratets område i bilaterale forhandlingar. Tolletaten har ikkje inngått nye samarbeidsavtalar i 2018.</p>

Oppdrag	Status
<p>Elektronisk nærvær ved alle grenseovergangar på landeveg - ref. pkt. 4.2.2 i tildelingsbrev</p>	<p>Etaten har fått øyremerkte midlar til å etablere elektronisk nærvær i form av skiltlesande kamera ved alle grenseovergangar på landeveg og ferjeterminalar med utanlandstrafikk. Skiltlesande kamera etablerer eit elektronisk nærvær som verkar avskrekkande, og dermed bidreg til auka etterleving. Skiltlesande kamera bidreg også til at etaten får betre oversikt over trafikken og kan arbeide meir mobilt. Løyvinga skal evaluerast i 2019 og 2020, men etaten har allereie no gode indikasjonar på at løysinga bidreg til å gjere vesentlege beslag som vi elles ikkje ville gjort. Etaten har etablert skiltlesande kamera ved alle dei største grenseovergangane, og ved to ferjeterminalar, totalt 27 lokasjonar. Løysinga er ca. 50 % ferdig utbygd og dekkjer no om lag 75 % av den grensekryssande trafikken. Arbeidet har i 2018 hatt ei framdrift i samsvar med revidert planverk, med unntak av innkjøp av mobile kamera som etaten vedtok å utsetje pga. avvikshandtering. Det er slutført to innkjøpsprosessar for utrulling av løysing for ANPR; for ny sentral prosesseringsløysing og for kamera. Utviklingsarbeidet på ny løysing starta opp i august 2018. Oppstart av akseptansetest skulle etter planen ha starta i desember 2018, men denne er forseinka frå leverandør og vil først kunne starte i januar/februar 2019. Det er gjennomført tiltak for å betre kvalitet og stabilitet på eksisterande løysing. Gjennom andre halvår 2018 er det gjennomført omfattande tiltak, for å sikre at registrering, lagring og bruk av passeringinformasjon frå ANPR-løysinga vert gjort i samsvar med heimelsgrunnlaget til etaten, og for å reparere avvik som vart meldt til Datatilsynet i juni 2018. Alle avvik er lukka.</p>
<p>Tolletatens etterretningssenter (TES) - ref. pkt. 4.2.2 i tildelingsbrev</p>	<p>Senteret vart oppretta 15. februar 2017 med 33 tilsette. Føremålet med etableringa av senteret var å bidra til ei utvikling og omstilling av etaten, gjennom meir kunnskapsbaserte og meir systematiske risiko- og relevansbaserte kontrollar.</p> <p>I løpet av våren og hausten 2018 vart det gjennomført ei intern omorganisering med det føremålet å få tydelegare roller, prosessar og leveransar til å understøtte desse måla. Frå 1. november 2018 er senteret organisert med stab og tre seksjonar. Ved utgangen av 2018 var bemanninga til senteret 44 tilsette.</p>
<p>PNR- direktivet- Systemstøtte og passasjer-opplysningseining - ref. pkt. 4.2.2 i tildelingsbrev</p>	<p>Etaten deltek i styringsgruppa for prosjektet samt i prosjektgruppa og i referansegruppa. Direktoratet har delteke på fleire internasjonale møte om PNR/PIU (etablering av passasjeropplysningseining) saman med Politidirektoratet (POD) i regi av Europol.</p> <p>PNR-prosjektet la fram følgjande milepælar i konseptutviklingsfasen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Framtidige arbeidsprosessar av ein PIU er definert og godkjent - Forretningsalternativ for ein PIU er definert. Alternativa er vurdert opp mot kvarandre av prosjektgruppa og referansegruppa. Anbefalt forretningskonsept for PIU vart godkjent av styringsgruppa 14. desember 2018, konseptet skal no leggjast fram for departementa. <p>Prosjektet vil frå 2019 verte organisert for planfasen.</p>
<p>Kontroll av ruspåverka køyring - utgreiing om Tolletaten bør få styresmakt - ref. pkt. 4.2.2 i tildelingsbrev</p>	<p>Rapport om Tolletatens høve til å gjere kontroll av ruspåverka førarar er ferdig. Politidirektoratet og Tolldirektoratet kom til semje om forslag til ei løysing og utgreiinga vart levert innan fristen 1. juni 2018.</p>

Oppdrag	Status
<p>Prøveprosjekt forenkla transfer OSL - ref. pkt. 4.2.2 i tildelingsbrev</p>	<p>Prøveprosjektet vart vedteke iverksett 30. juni 2014 og prøveperioden starta september 2015. Dette vart vedteke vidareført med endra logistikkmonster for bagasje frå 1. mai 2018, etter påtrykk frå flyselskapa. Tilleggsavtale mellom Avinor og Tolletaten innebar at Avinor skulle dekkje Tolletatens månadlege ekstrautgifter til auka ressursbruk.</p> <p>Endra logistikkmonstret vart evaluert av partane som vert påverka av endringane, i regi av Avinor hausten 2018. I ein rapport av 20. november 2018 anbefalar aktørane at ordninga vert permanent med gitte forutsetningar, mellom anna Tolletaten som har påpeikt nye kontrollutfordringar og at samfunnsvernet er dårlegare enn ønskt i den nye ordninga.</p> <p>Det vil vidare vere ein føresetnad for permanent drift at ein finn ei varig løysing for budsjett. Evalueringsrapporten som no ligg til handsaming i Samferdselsdepartementet og Finansdepartementet, vil bli følgt opp tidleg i 2019, jf. tildelingsbrev for 2019.</p>
<p>IKT- støtte til Tolletatens kontrollområde - ref. pkt. 5.1 i tildelingsbrev</p>	<p>Treff-prosjektets målsetning er å utvikle ny og betra systemstøtte for oppgåver i alle ledd av Tolletatens kontrollprosessar.</p> <p>I 2018 vart dei første delane av den nye Treff-løysinga til etaten levert og teke i bruk. Tre av fem hovudleveransar av fase 1 av prosjektet er sett i drift. Dei første brukarane av den nye løysinga fekk tilgangar i mai 2018, og om lag 300 av etatens brukarar har tilgang til ulike delar av desse leveransane.</p> <p>Ei rekkje interne datakjelder er samla i Treff-løysinga. Arbeidet starta hausten 2017 og er utvida med fleire kjelder i 2018. Dataa er gjort tilgjengelege i ei søkje- og analyseløysing som gjer at all informasjon er samla ein stad og gir relevant informasjon om personar, bedrifter, etterretning, kontrollar og deklarasjonar på ein stad. Det er også utvikla løysingar for innhenting og handsaming av manifest frå kurerselskapa som skal setjast i drift for brukarar i alle tollregionar i løpet av våren 2019. Det er også gjennomført eit pilotprosjekt for å gjere informasjon og funksjonalitet i Treff tilgjengelege på mobile einingar.</p> <p>Det er gjennomført brukarundersøkingar som viser at brukarane i hovudsak er nøgde med løysingane. Dei fleste brukarar har arbeidsoppgåver innan etterretning, utveljing og kontroll av varer eller etterretningsarbeid. Ved bruk av Treff-løysinga i analyse og utveljing og kontroll av varer kan tolltenestemenn enklare og raskare: finne feildeklart eller ulovleg vareførsel, utarbeide hypotesar, gjere rette utval og effektive kontrollar, samarbeide, samt registrere korrekt informasjon. Treff-løysinga i etterretningsproduksjon og – arbeid gjer det enklare for tolltenestemenn å samle viktig og sensitiv informasjon på ein stad, på ein sikker måte, å samarbeide og dele informasjon, og for etterretningsleiarar å delegerer og styre etterretningsarbeidet.</p> <p>Det er inngått ein fastprisavtale for første fase av prosjektet. Fase 1 er noko forseinka og er planlagt stilt ferdig før sommaren 2019. Etaten gjer samtidig førebuingar for å inngå avtale for det resterande målbiletet til Treff-prosjektet.</p>
<p>Oppfølging av teknologimuligheitsstudium – bruk av kunstig intelligens og ny teknologi - ref. pkt. 5.2 i tildelingsbrev</p>	<p>Innan teknologimuligheitsstudien i 2018 er det gjennomført ein konseptstudie for digital grensestasjon (DGS), nærvær på grensa, i samarbeid med SINTEF. Rapporten frå denne studien vil vere klar i slutten av januar 2019, og arbeidet med eit pilotprosjekt vil starte tidleg i 2019. Det vart i 2018 gjennomført ein teknologikonkurranse der vi fekk inn fleire gode forslag. Det vinnande bidraget vil vi bruke som innspel til det vidare arbeidet med DGS.</p> <p>Arbeidet med bruk av maskinlæring til tolking av røntgenbilete er gjennomført som planlagt, og resultatane er lovande på enkelte område. Det er også starta opp aktivitetar knytt til bruk av land- og satellittbaserte sensorar til overvaking av kysten. Gjennomføringa av desse aktivitetane vart utsett til 2019 på grunn av ressursituasjonen hos FFI.</p>

3.6. Ressursbruk 2018


Nedanfor presenterer vi informasjon om budsjetttrammene til etaten og bruk av desse, mellom anna kommentarar til nøkkeltala frå årsrekneskapen under del 2.

3.6.1. Disponibel ramme 2018

Tildeling

Etaten si disponible budsjettamme for 2018 var 1,796 milliardar kroner, ein netto auke på 3,5 prosent frå 2017. Auken har si årsak i lønns- og prisvekst og ei ekstra tildeling til tiltak på personvernområdet. Ramma inkluderer overføringar frå 2017. Fordelinga mellom postane er den same som i 2017.

Figur 7: Disponibel ramme drift og investering




Driftsutgifter

Samla driftsutgifter i 2018 var på 1,545 milliardar kroner, ein utnyttingsgrad⁹ på 97,3 prosent. Lønnsdelen utgjorde 67,8 prosent i 2018, mot 68,6 prosent i 2017. Nedgangen i del har si årsak i at dei samla driftsutgiftene har auka meir prosentvis enn lønnsutgiftene. Lønnsutgiftene har auka i tal på kroner, noko som i hovudsak er knytt til lønnsoppgjeret (hovudoppgjer), og ei eingongs utbetaling i samband med opprydding i tilsette sine tidskontoar knytt til over- og reisetid. Sjå også tabell 2, nøkkeltal frå rekneskapen.

Utgifter til lokale er redusert frå ein 11,7 prosent del i 2017 til ein 10,5 prosent del i 2018. Vi må sjå reduksjonen i samanheng med arbeidet Tolletaten gjer med effektivisering av eigedomsdrifta. Utgifter til utstyrsinnkjøp har auka med 0,9 prosentpoeng, frå 3,5 prosent i 2017 til 4,4 prosent i 2018. Auken har mellom anna si årsak i at Tolletaten i 2018 har auka utskiftingstakta for køyretøy. Køyretøyparken til etaten har ein høg gjennomsnittsalder og ei omprioritering av midlar til dette var nødvendig. Andre driftsutgifter inkluderer kjøp av tenester til utvikling og fornying på IT-området. Tolletaten har i 2018 brukt meir ressursar på dette området enn tidlegare år, noko som har medført ein auke i delen andre driftsutgifter frå 16,1 prosent til 17,3 prosent.

⁹ Utnyttingsgrad: bokførte utgifter i forhold til disponibel ramme

Figur 8: Driftsutgifter post 01 fordelt på kostnadsgrupper




Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold

På post 45 har vi nytta 38,4 prosent av disponibel løyving. Mindreutgift har i hovudsak si årsak i tidsforskyvingar på prosjekt og større innkjøp. Sjå også forklaring under kap. 6.1 - Leiingskommentar årsrekneskapen 2018.

Ressursbruk per hovudområde, til kompetanseheving og administrasjon

Ressursbruken til Tolletaten i 2018 fordeler seg omtrent på same måte som i 2017. Dei mest vesentlege endringane er nedgang for grunnutdanning frå fem til to prosent og auke for grensekontroll frå 40 til 42 prosent. Endringa for begge kategoriene har i stor grad si årsak i at dei siste kulla som har gjennomført etatsutdanning no har fullført grunndelen og er flytta til produksjon.

Figur 9: Ressursbruk per hovudområde, kompetanseheving og administrasjon



4. Styring og kontroll i verksemda

4.1. Overordna vurdering av styring og kontroll

Etaten starta i 2017 eit arbeid med å styrkje og restrukturere styring og kontroll i etaten. Arbeidet har i all hovudsak halde fram etter planen. Arbeidet med sjølvne grunnlagsdokumentet for styring og kontroll i etaten har vore organisert som eit tverrfagleg prosjekt leidd av ekstern bistand frå PWC. Prosjektet har gjennom diskusjonar i leiargruppa til etaten og i sentrale styringsmiljø i direktoratet bidrege til klarheit i styringsprinsipp, terminologi, roller og ansvar. Styringsdokumentet vart i 2018 gjort klart for brei høyring. Det skal ferdigstillast og sluttbehandlast i leiargruppa i etaten tidleg i 2019.

Rammeverket supplerer den styringsstrukturen som går fram av etaten si organisering, og dei prosessane som skaper leveransane. Etaten vil vidareutvikle rammeverket som del av organisasjonsutviklinga som skjer gjennom 2019.

Det systematiske arbeidet med verksemdsstyringa i etaten gir eit godt grunnlag for kontinuerleg betring av styring og kontroll. Arbeidet avdekkjer område som raskt må prioriterast og styrkast, i tillegg til meir langsiktige forbetningsområde som inngår i dei langsiktige verksemdsplanane.

Etaten har i 2018 utarbeidd eit forslag til ein effektbasert målstruktur. Arbeidet går no inn i ein ny fase der fokuset vil vere på måling av samfunns- og brukareffektar. Produkt- og tenestemåla til etaten skal operasjonaliserast med tilhøyrande indikatorar.

Profesjonaliseringa av resultat- og økonomistyringa som vart gjennomført i 2017 har gjeve god effekt i 2018. Etaten er no i stand til å identifisere avvik tidlegare i året, noko som i 2018 har lagt til rette for omdisponeringar. Dette har gjort det mogleg å modernisere bilparken og supplere teknisk utstyr for meir effektiv kontrollutøving.

Overgangen til DFØ for lønn og rekneskap har vore godt handtert i 2018. Fokuset har vore på å praktisere nye rutinar og tilføre tilstrekkeleg kompetanse. For å sikre vidare kontinuerleg forbetring av området har etaten i 2018 vedtatt å innføre periodisert verksemdsrekneskap, etter statlege rekneskapsstandardar (SRS) frå januar 2020.

Personvern og informasjonssikkerheit har ikkje vore godt nok ivaretatt i Tolletaten. Interne undersøkingar har avdekt svakheiter og avvik på ei rekkje område. Datatilsynet og Finansdepartementet er orientert om situasjonen undervegs. Tolletaten har samtidig planlagt og sett i verk ei rekkje tiltak som vil føre til ei kraftig forbetra styring, kontroll og oppfølging av personvernomsyn i etaten. Dette skjer samtidig som etaten sikrar etterleving ved grensekryssande vareførsel. Det er etablert eit omfattande prosjekt for personvern og informasjonssikkerheit i Tolletaten med ei mellombels kostnadsramme på 200 millionar kroner.

Forbetring av korleis etaten handterer personopplysningane sine og tek hand om informasjonssikkerheit, har vore prioritert i 2018 og har stor progresjon. Dette arbeidet vil også ha full prioritet i 2019. Les meir i punkt 4.2.3 og 4.2.9.

I 2018 har etaten fokusert på evna til å identifisere og handtere avvik. Etaten vil arbeide vidare med å få på plass ei heilskapleg tilnærming og auka profesjonalisering. Særleg har varslingsinstituttet blitt styrkt med gode rutinar og oppfølging, og etaten har innført eit heilskapleg HMS-leiingssystem basert på ISO-standard. Det sentrale miljøet for risiko- og sikkerheitsstyring og beredskap har blitt tilført kritisk kompetanse i 2018. Det er også eit satsingsområde for komande år.

4.2. Forhold departementet har bedt om særskilt rapportering på

4.2.1. Effektiv drift og organisasjonsutvikling

Tolletaten har blitt fullservice kunde hos Direktoratet for økonomistyring (DFØ) for lønns- og rekneskapsfunksjonen. Realisering av gevinstar frå denne endringa har halde fram i 2018 i tett samarbeid med DFØ og er i samsvar med gevinstplanen som vart laga. Etaten handterte prosessen utan oppseiingar.

Som del av overgangen til DFØ innførte etaten også e-handel. Avtalar har i 2018 blitt tekne i bruk gjennom dette systemet. Det gir kostnadsinnsparing som har bidrege positivt i ein krevjande budsjettsituasjon. Rammeavtale på forbruksmateriell frå statens innkjøpscenter er eit døme på dette.

Arbeidet med å digitalisere og automatisere administrative støttefunksjonar i etaten har halde fram i 2018. Som døme har etaten teke i bruk eFormidling. Dette inneber at e-post kan sendast på ein sikker måte til både bedrifter og offentlege etatar. Etaten har allereie sikker digital post til privatpersonar, noko som inneber at etaten no har digitalt førsteval ved utsending av post. Tolletaten er også pådrivar for innføring av strukturerte skjema gjennom Altinn, og i 2018 vart til dømes Certificate of Origin digitalisert gjennom Altinn. I september kunne næringslivet ta i bruk løysinga. Det vart skrive ut om lag 35 000 slike sertifikat i 2018. I tillegg vert skjemaa no ekspedert heile døgnet 365 dagar i året, og ikkje berre i avgrensa opningstider. Arbeidet held fram i 2019, med nye skjema innanfor andre område. Etaten hentar ut gevinstane i form av redusert bemanning i førstelinja i dokumentcenter og sentralbord, men representerer også høve for automatisering av sjølve sakshandsaminga seinare.

Dei store utviklingsprosjekta som rettar seg mot kjerneverksemda og kjerneprosessane i etaten vart i 2018 samla i eit digitaliseringsprogram, der programmet mellom anna har styrkt arbeidet med styring av gevinstrealisering. Dette arbeidet vil halde fram i 2019 for å sikre at gevinstane vert realiserte i tråd med føresetnadene.

Etaten starta i 2018 opp arbeidet med prosesstyring, men intensiverer no arbeidet som del av OU-prosjektet. Som del av arbeidet med ein ny organisasjon av etaten identifiserer og utviklar vi hovudprosessane, slik at desse kan brytast ned for seinare kontinuerleg forbetring.

Etatsorganisering

I tildelingsbrevet for 2018 fekk Tolletaten eit oppdrag om å greie ut ein ny organisasjonsmodell. Eit eksternt utval leidd av professor Tom Colbjørnsen fekk i mandat å gi ei fagleg uavhengig anbefaling til organisering av etaten. Utvalet leverte sin rapport til tolldirektøren 15. juni. Etaten sitt forslag til ny organisasjonsmodell vart sendt til departementet på slutten av året.

Tolletaten har gjennom eit grundig og involverande utgreiingsarbeid slått fast at det bør innførast ein ny overordna struktur for organiseringa av etaten. Organiseringa inneber to fagdivisjonar, divisjon for vareførsel og kontroll og divisjon for grensekontroll og ekspedisjon, samt eit omorganisert direktorat. Forslaget legg til rette for at operative oppgåver i direktoratet kan flyttast til fagdivisjonane og at regelverksansvaret i Tolldirektoratet samlast i ei avdeling.

I forslaget sendt til departementet legg etaten opp til ei gradvis omlegging til ny struktur, mellom anna for å redusere risiko, handtere omstillingskostnader innanfor budsjettammene, og gi tid til utgreiing av enkelte meir kompliserte spørsmål.

Mot slutten av året etablerte etaten eit prosjekt som skal føreslå nærare detaljering av organiseringa. Prosjektet skal designe ny organisasjon på detaljert nivå, og leie gjennomføringa av overgangen til ny organisasjon.

Etaten si anbefaling av overordna organisasjonsstruktur legg ikkje føringar for lokalisering, utover at det i modellen er peika på at det er nødvendig med større fagmiljø i nasjonale einingar for å oppretthalde kompetansemiljø og tilpasse seg til digitalisering og brukarforventningar i framtida.

Tolletaten har vektlagt involvering av dei tilsette og deira organisasjonar i utgreiingsarbeidet. Prosessen har blitt skildra som god og inkluderande. Dei tilsette og tillitsvalde har medverka til forslaget til overordna organisering som er sendt til departementet, og Norsk Tollerforbund og NTL (Norsk tjenestemannslag) støttar valet av organisasjonsmodell.

Vidareutvikling av målstruktur og resultatindikatorar

Gjennom heile 2018 har Tolletaten jobba med utvikling av forslag til ny målstruktur i samarbeid med Finansdepartementet. Den nye målstrukturen vil gjelde frå 2019, jf. tildelingsbrev for Tolletaten for 2019.

Den nye målstrukturen består av samfunnsoppdrag, samfunns mål, hovudmål og tenestemål. Føremålet med den nye målstrukturen er å leggje til rette for ei styring av Tolletaten som i større grad legg vekt på dei samla effektane av verkemiddelbruken til etaten og i mindre grad på aktivitetar.

Arbeidet med å operasjonalisere og vidareutvikle mål- og resultatstyringssystemet er eit kontinuerleg arbeid som vil halde fram med full tyngde også i 2019.

4.2.2. Bemanning og personalforvaltning

Under følgjer oversikt over årsverk og tal på tilsette.

Tabell 9: Faktiske årsverk per eining

Enhet	2017	2018
Tolldirektoratet	231	250
Tollregion Oslo og Akershus	401	369
Tollregion Øst-Norge	291	292
Tollregion Sør-Norge	170	163
Tollregion Vest-Noreg	129	120
Tollregion Midt-Norge	118	117
Tollregion Nord-Norge	80	73
Regionene samla	1 189	1 134
Tolldirektoratet	231	250
Tolletaten samla	1 420	1 384

*Kilde: Eigne tal SAP HR. Tolletaten har nytta DFØ si standard utrekning av årsverk

Tolletaten disponerte 1384 årsverk fordelt på dei ulike organisatoriske einingane i etaten per 31. desember 2018. Dette er ein nedgang frå 1420 årsverk i 2017. Nedgangen har si årsak i at det ikkje er rekruttert der stillingar har blitt ledige, grunna ein strammare budsjettsituasjon i 2018.

Det er 1613 tilsette i Tolletaten per 31. desember 2018, fordelt som følger:

Tabell 10: Tal på tilsette per eining

Enhet	2017	2018
Tolldirektoratet	289	302
Tollregion Oslo og Akershus	450	440
Tollregion Øst-Norge	343	330
Tollregion Sør-Norge	193	185
Tollregion Vest-Noreg	145	137
Tollregion Midt-Norge	137	134
Tollregion Nord-Norge	91	85
Regionene samla	1 359	1 311
Tolldirektoratet	289	302
Tolletaten samla	1 648	1 613

Samanlikna med 2017 er det ein nedgang i talet på tilsette i 2018. Nedgangen har si årsak i stor grad at det ikkje har vore inntak av tollaspirantar i regionane dette året. Samtidig har det i 2018 vore ein auke i tal på tilsette i direktoratet samanlikna med 2017. Auken har i hovudsak si årsak i ei styrking av kompetanse på etterretningsområdet, innkjøp, GDPR, verksemdsstyring og IKT. Dette er relatert til auka aktivitet på utviklings- og forbetningsområdet.

Tabell 11: Alderssamansetnad – tal på tilsette fordelt på einingar

Eining \ Aldersgruppe	19-29	30-39	40-49	50-59	Over 60	Sum
Tolldirektoratet	16	51	81	114	40	302
Tollregion Oslo og Akershus	28	121	125	134	32	440
Tollregion Øst-Norge	51	85	60	94	40	330
Tollregion Sør-Norge	11	42	24	65	43	185
Tollregion Vest-Noreg	24	34	22	43	14	137
Tollregion Midt-Norge	21	26	22	45	20	134
Tollregion Nord-Norge	22	22	20	14	7	85
Regionene samla	157	330	273	395	156	1 311
Tolldirektoratet	16	51	81	114	40	302
Tolletaten samla	173	381	354	509	196	1613

Gjennomsnittsalderen i etaten er 45, 5 år. Dette er stabilt samanlikna med året før.

I regionane er ein større del av dei tilsette i dei yngste aldersgruppene enn i direktoratet, noko som har si årsak i dei store aspirantkulla som vart rekruttert før 2017. Delen av tilsette i direktoratet som er over 50 år, er 51 prosent.

Dersom vi skriv fram den historiske utviklinga vil 26 prosent av dei tilsette i etaten gå av med alderspensjon dei neste 10 åra. Sør-Noreg er den regionen som vil ha størst naturleg avgang i perioden.

Tabell 12: Turnover¹⁰ i Tolletaten 2016-2018

År	Turnover
2018	2,5 %
2017	2,9 %
2016	6,1 %

Det er framleis nedgang i turnover. Nedgangen frå 2017 er på 0,4 prosentpoeng og kan i hovudsak forklarast med at etaten ikkje har tilsett nye når stillingar har vorte ledige. Det er ein følge av ein strammare budsjettsituasjon.

Rekruttering i etaten

Det vart ikkje gjennomført aspirantopptak i 2018. Etaten ventar med rekruttering av tollaspirantar på grunn av budsjettsituasjonen. Det er også sett i gang eit arbeid med å greie ut ei ny etatsutdanning av tollfaglege tenestemenn. Videre arbeider etaten med å greie ut ein ny organisasjonsmodell for Tolletaten.

Rekruttering har i 2018 vore tilpassa behova etaten har for ny eller styrkt kompetanse på kritiske område, spesielt IT-utvikling og verksemdsstyring. Framover vil vi vurdere rekruttering strengt opp mot etatens identifiserte satsingsområde i tråd med kompetansestrategien, eller for å ivareta kritiske behov i den operative verksemda.

Kompetanse i etaten – status og tiltak

Etaten starta på arbeidet med å greie ut ei ny etatsutdanning for tollfaglege tenestemenn i slutten av 2018 og held fram ut 2019. I samanheng med denne utgreiinga skal etaten også utarbeide eit oppdatert kompetansemålbilde for etaten. Formalkompetansen i etaten er låg. Årsaka er at fleirtalet av dei tilsette hovudsakeleg har tollfagleg bakgrunn. Rundt 10 prosent av dei tilsette har høgare formell utdanning.

Etaten etablerte etter- og vidareutdanning (EVU) i 2016. Føremålet var å auke den formelle kompetansen i etaten og å skaffe kompetanse for å dekkje konkrete prioriterte kompetansebehov gjennom utvikling av eigne tilsette. Gjennom tre opptaksrundar har 82 tilsette fått støtte for nivågjevande bachelor- eller masterutdanning, av desse er 66 tollfaglege tenestemenn. Tildeling av midlar til etter- og vidareutdanning (EVU) er eit årleg prioritert tiltak.

Sjukefråvær

I 2016 sette etaten svært ambisiøse mål for sjukefråværet. Målet for direktoratet var at fråværet ikkje skulle vere høgare enn 3,5 prosent innan utgangen av 2018. I regionane var målet eit sjukefråvær som ikkje skulle overstige 4,5 prosent.

¹⁰ Turnover er ein utrekningsmetode for personalomsetnad og vert rekna i prosent av talet på tilsette. Når ein arbeidstakar seier opp og sluttar i stillinga si i verksemda, og ein ny arbeidstakar vert tilsett i stillinga, definerer ein dette som turnover.

Tabell 13: Sjukefråvær 2017 og 2018 - totalt og fordelt på einingar

Sjukefråvær	2017	2018
Regionene		
Tollregion Oslo og Akershus	6,40 %	8,06 %
Tollregion Øst-Norge	5,03 %	4,98 %
Tollregion Sør-Norge	6,97 %	7,30 %
Tollregion Vest-Noreg	5,68 %	6,35 %
Tollregion Midt-Norge	5,24 %	5,82 %
Tollregion Nord-Norge	3,93 %	6,51 %
Regionene samla	5,79 %	6,68 %
Tolldirektoratet	5,81 %	5,58 %
Tolletaten samla	5,79 %	6,47 %

Med eit slikt ambisiøst mål har etaten halde eit høgt fokus på fråværsarbeidet. Fråværet har halde seg stabilt gjennom 2016 og 2017, men har auka med 0,7 prosentpoeng frå 2017 til 2018. Det er i første rekkje langtidsfråværet som har hatt ein gradvis auke det siste året.

Tiltak for redusert fråvær

Endringsprosessar kan påverke sjukefråværet. Det ligg ikkje føre konkret dokumentasjon på at dette er tilfellet i etaten. Det er gjennomført ei risikovurdering av psykososialt arbeidsmiljø under omstilling. Vidare arbeid i 2019 vil vise om tiltaka i denne risikovurderinga bidreg til å redusere sjukefråværet.

Gjennom 2018 har etaten jobba vidare med nærværsprogrammet som vart etablert i 2017. Leiarane i etaten har fått opplæring i nærværsfaktorar og korleis ein kan auke nærvær på jobben, gjennom fokus på eit inkluderande arbeidsmiljø og tettare oppfølging av sjukemeldte gjennom nye rutinar. Det er også gjennomført ein workshop med fokus på dei erfaringane regionane har hatt med dei nye rutinane. I to av tollregionane er det etablert eit eige nærværsutval for å støtte den enkelte leiar der det er behov.

Etter at prøveperioden var over innførte etaten «bevegelse i arbeidstiden» (BIA) som permanent ordning frå 1. januar 2018. I tillegg har vi hatt to aktivitetsskampanjar over seks veker kvar. Målet har vore å auke aktivitetsnivået for alle tilsette.

Medarbeidarundersøkinga

Ei ny medarbeidarundersøking vart gjennomført i etaten hausten 2018. Resultata er presentert og gjennomgått for leinga, vernetenesta og dei tilsette sine organisasjonar i heile etaten. Leiarane har fått opplæring i korleis dei skal presentere resultata for eiga eininga og korleis desse skal følgjast opp. Kvar enkelt eining skal utarbeide handlingsplanar som skal følgjast opp gjennom året 2019.

Etter 2016-undersøkinga vart det iverksett fleire tiltak som kan ha påverka resultata i 2018. Desse tiltaka var utviklinga av eit leiarutviklingsprogram, styrking av vernetenesta, innføring av eit HMS-leiingssystem, gjennomføring av eit nærværsprosjekt og innføring av «bevegelse i arbeidstiden» (BIA). Samanlikna med undersøkinga som vart gjennomført i 2016 ser vi i 2018 ein framgang på område som leing, digitale løysingar og fysisk arbeidsmiljø. Etaten si satsing på leiarutvikling kan også ha påverka resultata knytt til næraste leiar positivt.

Nytt i undersøkinga i år er at det er stilt spørsmål om tilsette har opplevd mobbing, trakassering eller uønskt seksuell merksemd. Resultata ligg berre føre på overordna nivå. Sjølv om vi ikkje har noko samanlikningsgrunnlag frå tidlegare undersøkingar eller frå andre statlege verksemdar, viser resultata at etaten må sikre at alle tilsette opplever eit fullt

forsvarleg arbeidsmiljø. Arbeidsgjevar har allereie sett i gang eit arbeid i samarbeid med ekstern kompetanse, bedriftshelsetenesta (BHT) og tillitsvalde for å følgje opp dette resultatet framover.

Arbeid med leiarutvikling

Med bakgrunn i medarbeidarundersøkinga og kompetansekartlegging frå 2016 vart det same året sett i gang eit leiarutviklingsprogram i etaten.

Programmet skal ivareta behovet for opplæring og utvikling av nødvendige leiarkompetanse for å nå måla til etaten. Det byggjer på ein felles leiarplakat og leiarkompetanse som gir felles retning i tillegg til konkrete verktøy for heile etaten. Programmet er modulbasert og desse kan settast saman etter individuelle behov.

I 2018 har 47 av leiarane i etaten fått kompetansepåfyll ved å delta på ein av modulane våre. Etaten har starta eit arbeid med å utvikle ein ny modul for å støtte og trene leiarane i å gjennomføre dei aktivitetane som knyter seg til omstillinga og omorganiseringa ved ny organisasjonsmodell.

Mangfaldsstrategi for Tolletaten

Tolletaten skal fremje likestilling og motverke diskriminering på alle område gjennom eit godt mangfaldsarbeid. Strategien skal bidra til å integrere mangfald som ein naturleg del av den ordinære verksemda. Etaten har vore bidragsytar til FAFO sin rapport om rekrutteringspraksis i verksemdar som er ein del av det statlege mangfaldsnettverket. Føremålet med prosjektet har mellom anna vore å finne ut om verksemdene tek hand om ambisjonane om å fremje likestilling og mangfald i rekrutteringsprosessen. I 2018 deltok også fleire tilsette på Oslo Pride Festival saman med politiet.

Inkluderingsdugnaden og 5 pst.-målet

Etaten legg til rette for å nå måla i inkluderingsdugnaden gjennom mangfaldsstrategien og ein etablert rekrutteringspraksis. Etaten har tilsett ein person med hol i CV-en, og dette utgjør tilnærma 5% av tilsetjingane som har vore gjennom året.

Strategi for kjønnsbalansert leiing

Gjennomsnittleg kjønnsfordeling i etaten er 47 prosent kvinner og 53 prosent menn. Etaten har i det heile ein tilfredsstillande kjønnsbalanse, men har utarbeidd ein strategi og iverksett tiltak for å betre kjønnsbalansen i leiarstillingar.

Tabell 14: Kjønnsamansetnad - totalt og fordelt på einingar

Enhet	Kvinner	Menn
Tolldirektoratet	148	154
Tollregion Oslo og Akershus	213	227
Tollregion Øst-Norge	162	168
Tollregion Sør-Norge	77	108
Tollregion Vest-Noreg	61	76
Tollregion Midt-Norge	55	79
Tollregion Nord-Norge	36	49
Regionene samla	604	707
Tolldirektoratet	148	154
Tolletaten samla	752	861

I 2018 heldt etaten fram arbeidet mot følgjande hovudmål:

- I Tolletatens toppleiargruppe er målet at kvart kjønn skal vere representert med minst 40 prosent innan 2021.
- For dei andre leiarstillingane i etaten er målet at kvart kjønn skal vere representert med minst 40 prosent innan 2021.

Tabell 15: Leiarstillingar fordelt på kjønn i Tolldirektoratet

Tolldirektoratet	Kvinne	Mann	Sum
Avdelingsdirektør	2	6	8
Underdirektør	6	10	16
Kontorsjef	2	2	4
Tolletaten samla	10	18	28

Tabell 16: Leiarstillingar fordelt på kjønn i regionane

Regioner	Kvinne	Mann	Sum
Regiondirektør	3	3	6
Avdelingsleder	9	10	19
Seksjonssjef	15	34	49
Kontorsjef	10	16	26
Tolletaten samla	37	63	100

Det er ingen endringar i kjønnsbalansen i den øvste leiargruppa i etaten frå 2017. Det er 5 kvinnelege leiarar i leiargruppa på 14, noko som utgjør 36 prosent.

I dei andre leiarstillingane i etaten har kvinnedelen gått ned frå 40 prosent til 37 prosent i 2018. Endringane er først og fremst knytt til mellombelse stillingar/fungeringar.

4.2.3. Internkontroll og risikostyring

Tolletaten har utarbeidd ei overordna risikovurdering som vart levert til Finansdepartementet i oktober.

Arbeidet med å styrkje organisering og kompetanse innanfor risikostyring har halde fram i 2018, og er i samsvar med planane og ambisjonane i verksemdsplanen. I 2018 vart det gjennomført forbetringar særleg innanfor personvern og informasjonssikkerheit. I komande år vil etaten halde fram utviklinga innanfor alle område av risiko-, sikkerheits- og beredskapsstyringa.

Etaten gjennomførte i 2018 ei omfattande og detaljert kartlegging av personvern og informasjonssikkerheit, med utgangspunkt i funna frå 2017. Kartlegginga viste store manglar innan personvern og informasjonssikkerheit. Rapporten frå kartlegginga vart lagt fram for Finansdepartementet, og etaten gav også ei eiga orientering til Datatilsynet. Etaten fekk ei ekstraløyving i revidert nasjonalbudsjett på 30 millionar kroner for å gjennomføre personvern- og informasjonssikkerheitstiltak. Eit prosjekt med høg prioritet og bidrag frå eksterne ressursar vart etablert. Sjå kap. 4.2.9 for meir informasjon om prosjektet.

Innan informasjonssikkerheit er det gjennomført verdivurderingar for dei mest kritiske informasjonssystema til Tolletaten. Etaten har også sett i gang arbeid med å gjennomføre risikovurderingar. Det er utarbeidd eit felles trusselbilete for heile Tolletaten. Det er også laga rettleiingar for risikovurdering og risikohandtering. Føremålet med desse er å gi systemeigarar/prosjektleiarar eit verktøy for å gjere risikovurderingar sjølve.

Direktoratet har halde ettersyn på økonomiområdet i alle tollregionane. Hovudfokuset ved ettersyna har vore internkontrollrutinar knytt til kontant-innkrevjing, kvalitet på kasseføringar,

materiellrekneskap og praktisering av nettoføringsordninga av mva. Etaten har avdekt mangelfulle rutinar i internkontrollen som følgje av at etaten gjekk over til å verte fullservicekunde hos DFØ. Desse manglane er no ivaretatt og etterslep i internkontrollen er innhenta. Tollregionane har halde ettersyn på underliggjande tollstader. Ingen vesentlege forhold er rapportert.

Instruksfesta interne kontrollordningar skal gjennomførast med jamleg ajouritet og innan gitte fristar. Vesentlege avvik skal meldast til direktoratet med ein gong. Det er ikkje meldt vesentlege avvik i 2018.

4.2.4. Sikkerheit og beredskap

Tolletaten legg risiko- og sårbarheitsvurderingar til grunn for sine sikkerheits- og beredskapstiltak. Etaten gjennomfører årlege revisjonar av styringsdokument og planverk for å sikre at vi identifiserer og dekkjer opp aktuelle risikoar.

Etaten har beredskapsplanar for å kunne handtere ekstraordinære hendingar. Dette omhandlar både responsprosedyrar for sjølv hendinga, og prosedyrar for å sette organisasjonen tilbake i ein normalsituasjon. Etaten har halde og teke del i ulike øvingar, og var med på Trident Juncture for å øve på etaten si rolle og samhandling med andre aktørar i Totalforsvaret. Det ligg føre planar for alternativ drift dersom ordinære lokale heilt eller delvis blir utilgjengelege. Planverket omhandlar også rutinar for handtering av pårørande ved eventuelle uønskte hendingar blant eigne tilsette. Det har vore gjennomført fleire øvingar i 2018, av desse ei sentral øving i den sentrale krisestaben i etaten.

Etaten har greia ut om vi bør innføre systemstøtte til sikkerheits- og beredskapsområdet i 2018. Etaten har besøkt mellom anna Mattilsynet og Metrologisk institutt for å lære om korleis dei nyttar elektronisk verktøy i hendingshandteringa. Arbeidet med å innføre eit passande system for å understøtte dette held fram i 2019.

Bruken av Naudnett i sikkerheits- og beredskapsperspektiv kan nemnast særskilt. Etaten har i 2018 innført ein sentral for naudnett, som gjer det mogleg å koordinere alle naudnett-terminalane i etaten på ein effektiv måte. Dette er ei vesentlig betring samanlikna med den tidlegare strukturen for naudnett i etaten, og betrar tryggleiken til dei tilsette.

Etaten har gjort greie for sikkerheitstilstanden sett i relasjon til sikkerheitslova i ei særskilt rapportering til departementet i 2018. Det er ikkje avdekt sikkerheitstruande hendingar i 2018. Etaten vurderer sikkerheitstilstanden på området førebyggjande sikkerheit som tilfredsstillande.

Årsrapport og plan for Tolletatens internrevisjon vert oversendt Finansdepartementet i ei eiga sending.

4.2.5. Evalueringar og brukarundersøkingar

Tolletaten gjennomførte i 2018 ei spørjeundersøking på toll.no for å måle brukartilfredsheit. Resultata viser at privatpersonar og næringsliv stort sett er nøgde med toll.no, men at dei er noko mindre nøgde enn dei har vore tidlegare. Etaten vil følgje opp funna med fleire undersøkingar og tiltak i etterkant.

Ulike brukarundersøkingar knytt til svara infosenteret gir på telefon og e-post vart gjennomført i 2018. Desse viser at brukarane er nøgde både med service og responstid. Alle detaljar rundt brukarundersøkingane er omtalt i vedlegg 1B.

I 2018 gjennomførte etaten ein behovsanalyse som del av forprosjekt digital brukardialog. Behovsanalysen identifiserer målgruppene for digital brukardialog, både innanfor og utanfor Tolletaten, og kva utfordringar og behov desse har til tenestetilbodet til Tolletaten. Denne viste utfordringar som manglande medvit om regelverk, lite tilgjengeleg rettleiing, komplekse skjema

og tungvint innsending og korrigerings, tidkrevjande saksbehandling og unødige manuelle skritt og etterarbeid i samband med betening av brukarar. Behovsanalysen er eit viktig grunnlag i arbeidet med å identifisere, vurdere og anbefale ulike konseptalternativ for vidare utvikling av den digitale brukardialogen med både næringsliv og innbyggjarar.

4.2.6. Oppfølging av saker frå Riksrevisjonen

Riksrevisjonen stadfesta i brev datert 4. mai 2018 at Tolletatens rekneskap for 2017 gir eit rettvisebilete av dei disponible løyvingane til verksemda, inntekter og utgifter i 2017 og av mellomverande med statskassa pr. 31. desember 2017, i samsvar med regelverk for statleg økonomistyring. Tilsvarande stadfesta Riksrevisjonen at Velferdsfondet for Tollvesenets årsrekneskap gir eit rettvisebilete av fondet sine inntekter og utgifter i 2017 og av eignedelar og fondskapital per 31. desember 2017.

I brev datert 24. april 2018 oppsummerte Riksrevisjonen revisjonen. Nokre mindre alvorlege forhold vart kommentert og nokre tiltak anbefalt.

Tolletaten rapporterte i brev datert 1. november 2018 tiltak og status på nemnte forhold i samsvar med Finansdepartementets brev datert 8. november 2017. Ved utgangen av året var alle tiltak utkvittert i samsvar med oppfølgingsplanen.

4.2.7. Oppfølging av saker frå Sivilombudsmannen

Eit selskap klaga til Sivilombudsmannen (SOM) over at Finansdepartementet hadde avvist å handsame selskapet sin klage på eit omgjeringvedtak som dei meinte var gjort av Toll- og avgiftsdirektoratet i første instans. Saken gjaldt administrativt tillegg for brott på reglane i tollova om deklarerings av varer. SOM uttalte 11. desember 2017 at Toll- og avgiftsdirektoratet sitt vedtak av 30. januar 2015 er ugyldig og ikkje kan reknast for bindande for klagaren. Vi følgde opp SOMs utsegn i vedtak av 13. september 2018 der vi oppheva vårt vedtak av 30. januar 2015.

Eit anna selskap klaga over at dei fekk eit administrativt tillegg fordi selskapet hadde oppgitt feil tollverdi ved deklarasjon. Selskapet kontakta sjølv tollstyresmaktene for å rette feilen, og meinte at det var sterkt urimeleg at dei måtte betale tillegg. SOM hadde i si utsegn 29. oktober 2018 ingen merknader til Tolletaten si handsaming av saka. Klagaren vart – i samsvar med gjeldande rett - ikkje høyrte med kommentarane om at tillegg til toll ved eigenretting ville verke sterkt urimeleg, sett hen til reglane på skatteområdet. SOM viste likevel til at dei var samde i at gode grunnar talar for unntak frå sanksjonar ved frivillig retting, og at FIN har opplyst at dette vil bli vurdert ved den pågåande lovrevisjonen.

4.2.8. Regelverksutvikling

Tolletaten har jamleg vurdert behov for regelverksendringar og levert endringsforslag til departementet. Det er i 2018 levert inn forslag om regelendringar som følgje av nytt regelverk om personvern mellom anna om utveksling av data med andre etatar. Forslag til mindre forskriftsendringar er levert jamleg gjennom året. Direktoratet følger aktivt med på avgjerder i domstolane og regelverksutviklinga i EU og syter for at etaten tek omsyn til det som er relevant.

4.2.9. Innføring av personvernforordninga

Tolletaten gjennomførte i perioden november 2017 til mai 2018 ei kartlegging av status i verksemda for innføring av det nye personvernregelverket. Kartlegginga avdekte tidleg at det var omfattande avvik både i forhold til eksisterande regelverk og i forhold til dei nye personvernreglane som tredde i kraft i 2018. Prosjektet varsla leiinga om dette i januar 2018. Etaten sette derfor i verk fleire tiltak før kartlegginga var ferdig, og desse har vi jobba med gjennom 2018. Etaten har mellom anna gjennomført fleire opplæringsstiltak, og utnemnt personvernombod. Ei løysing for anonymisering av testdata er levert for to system. I tillegg til

oppstart av desse aktivitetane utvida etaten omfanget av kartlegginga, og internrevisjonen har gjennomført ei kartlegging av handsaming av personopplysningar i regionane. Rapportane frå personvernprosjektet og internrevisjonen vart levert i juni og august, og leiinga vedtok i september at alle dei anbefalte tiltaka skal gjennomførast. Gjennomføringsprosjektet har utarbeidd detaljerte planar for gjennomføring av tiltaka, prosjektet er tilført meir ressursar og tiltak er sett i gang over store delar av organisasjonen. Ansvar for gjennomføring av tiltaka er fordelt mellom prosjektet og linja, og prosjektet vil syte for koordinering og oppfølging av alle tiltak. Prosjektet har fokus på involvering av linja i arbeidet med tiltaka for å bygge kompetanse og eigarskap til tiltaka etaten innfører. Fleire tiltak vart sett i gang og gjennomført i løpet av hausten 2018, og arbeidet held fram vidare i 2019 med full styrke.

4.2.10. Offentlege innkjøp - arbeidslivskriminalitet

Etaten gjer eigne vurderingar i forkant av kvart innkjøp. Dette blir dokumentert med ein protokoll. Vidare kontrollerer etaten leverandørane med tanke på skattar og avgifter. Det ligg også føre også ein avtale med ein ekstern leverandør som kan nyttast for å sjekke ut arbeidsforhold for tilsette hos leverandør. I 2018 er det vidare prioritert inn eit årsverk til oppfølging av jamlege kontraktar. Oppgåvene her vil mellom anna vere oppfølging av lønns- og arbeidsvilkår. Oppstart for dette årsverket vil vere mars 2019.

5. Vurdering av framtidsutsikter

Oppgåvene til Tolletaten aukar i volum og kompleksitet. Vareførselen aukar og det er stadig fleire reisande som kryssar grensene. Varepartia er mindre, men består av fleire forskjellige varer. Denne trenden aukar omfanget og kompleksiteten i handteringa av deklarasjonar og tollprosedyrar. Det medfører at det vert fleire transportar å risikovurdere og kontrollere.

Deklarering av for låg tollverdi kan bidra til toll- og avgiftsunndraging. Tilpassing av interne prisar kan medføre utholing av skattegrunnlaget, ved at fortene vert flytta frå høgskatteland til lågskatteland og bidra til kvitvasking. Framveksten av fleire og større internasjonale selskap med meir kompleks selskapsstruktur og liten kjennskap til norsk regelverk kan auke risikoen for feil deklarasjon av tollverdi. Kontroll av tollverdi, tilrettelegging for etterleving og verknadsfull sanksjonering av prosedyrebrot vil derfor vere prioriterte område.

Tolletaten har utarbeidd områdestrategiar med tilknytte tiltak. Føremålet med strategiane er å auke produktiviteten til etaten gjennom digitalisering og automatisering, og auke kvaliteten på tenesteproduksjonen i etaten. Kontrolloppgåvene skal styrkast ved auka informasjonstilfang, betre analysar og etterretning. Service overfor næringsliv og reisande skal betrast ved enklare prosedyrar, raskare handtering og betre tilgjenge med digitaliserte og automatiserte tenester.

I statsbudsjettet for 2019 er det sett av 445 millionar kroner dei neste fire årene til digitalisering av vareførsel- og kontrollverksemda i etaten. Satsinga gir Tolletaten høve til å fullføre prosjekta Treff og Ekspressfortolling. Etaten vil vidareføre utbygginga og utviklinga av ANPR, i tillegg til å prioritere eigenfinansierte utviklingsprosjekt.

Gjennomføring av tiltaka krev vesentleg omstilling i etaten på fleire felt. Arbeidet med å styrkje intern verksemdsstyring og IT-funksjonar må vidareførast. Organisasjonen og kompetansen til dei tilsette må tilpassast ny teknologi med nye arbeidsprosessar. Tolletaten planlegg implementering av en ny organisering med to nasjonale fagdivisjonar i staden for dei seks tollregionane vi har i dag, og med eit omorganisert og «spissa» direktorat. Etatsutdanninga er under evaluering og vil bli vidareutvikla for å dekkje kompetansebehovet i kjerneverksemda, i tillegg satsar etaten store ressursar på etter- og vidareutdanning av tilsette.

Auka innsamling og bruk av data, mellom anna personopplysningar – både til forvaltning og kontroll – pålegg etaten eit stort ansvar knytt til korleis opplysningane vert handsama. Korrekt og sikker handsaming av personopplysningar er avgjerande for etaten sitt omdømme og legitimitet, og er derfor grunnleggjande for å kunne løyse samfunnsoppgåvene våre. Tolletaten prioriterer det omfattande arbeidet med å betre informasjonssikkerheit og personvern som er sett i gang i etaten med full styrke. Arbeidet vil krevje stor merksemd, tid og ressursar dei næraste åra. I løpet av 2018 har etaten lukka fleire avvik knytt mellom anna til innhenting og bruk av opplysningar i ANPR. Dette påverkar etaten si evne til å avdekkje smugling, og kan gi utslag i svakare måloppnåing på kontrollområdet. Nærare vurdering av heimlane etaten har for innhenting og handsaming av personopplysningar kan medføre ytterlegare omlegging av praksisen i etaten. Det er viktig å gjere tydeleg og styrkje heimelsgrunnlaget til etaten, slik at det ikkje er tvil om kor langt heimlane strekkjer seg, og kva praksis som er innanfor rammene av desse. Dette arbeidet er prioritert i etaten.

Omstillinga etaten er inne i er krevjande, og det vil ta tid før resultatene frå utviklingstiltaka gir markant positiv effekt, men det er ingen tvil om at utviklinga er naudsynt. På kort sikt kan det ikkje forventast at etaten sine resultat vil styrkast vesentleg. Vi må også sjå resultatprognosane i samheng med at ressursar vert overførte frå drift til utvikling, for å kunne finansiere høgt prioriterte utviklingstiltak og utstyrssatsingar.

6. Årsrekneskap

6.1. Leiingskommentar årsrekneskapen 2018

Føremål

Tolletaten er eit ordinært bruttobudsjettert statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap i samsvar med kontantprinsippet. Hovudoppgåvene til etaten var i 2018 å leggje til rette for korrekt og effektiv inn- og utførsel av varer og å verne samfunnet mot ulovleg inn- og utførsel av varer.

Stadfesting

Tolletaten legg fram rekneskap til statsrekneskapen under rekneskapsfører nr. 73 84 00. Etaten legg også fram eige rekneskap for «Velferdsfondet for tollvesenet» med eige rekneskapsførarnummer 81 16 01. Årsrekneskapane er avlagt i samsvar med reglement og avgjerder om økonomistyring i staten, løyvingreglement, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og hovudinstruks til direktøren i Tolletaten. Eg meiner rekneskapane gir eit dekkjande bilete av dei disponerte løyvingane, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjelda til etaten.

Vurdering av vesentlege forhold

Tolletaten har i 2018 samla disponert kroner 1 796 208 000 på utgiftsida. Dette er fordelt med kroner 1 587 066 000 på kapittel 1610 post 01, lønn og ordinær drift, og kroner 209 142 000 på kapittel 1610, post 45, større investeringar. Etaten har ingen belastningsfullmakter på drift.

Etaten har god budsjettstyring og har brukt 97,3 prosent av disponibel løyving på post 01. Mindreutgift på 42,4 millionar kroner har i hovudsak si årsak i nokre kapasitetsutfordringar på gjennomføring av tiltak på personvernområdet og utviklingsprosjekt/investeringar som delvis er forskuva til/har fakturaforfall i 2019. Av budsjettamma på post 01, gikk 67,8 prosent til lønn og godtgjersler, 10,5 prosent til leie og drift av lokale, 4,4 prosent til utstyrsinnkjøp og 17,3 prosent til andre driftsutgifter, sjå også figur 8 driftsutgifter fordelt på kostnadsgrupper med kommentarar under kapittel 3.

På post 45 er det nytta 38,4 prosent av disponibel løyving. Mindreutgift på 128,7 millionar kroner har i hovudsak si årsak i tidsforskyvingar på prosjekt og større innkjøp, mellom anna i samband med «Styrking av grensekontroll»-satsinga. For sistnemnte er det delprosjektet «System med elektronisk utstyr med kamera og skiltgjenkjenning som varslar køyretøy mistenkt for smugling - ANPR» som er forseinka mellom anna på grunn av konkurs hos underleverandør. Justert for delprosjektets ramme og forbruk i 2018 er det nytta 72 prosent av disponibel løyving.

Som det går fram av Note B (vedlegg 3), søker etaten om å få overføre 45,9 millionar kroner på post 01 inkludert meirinntekter på kapittel 4610, og 128,7 millionar kroner på post 45 med til 2019.

Tolletaten har også inntekter som vert førte på kapittel 4610. Disse er som følger:

Tabell 17: Inntekter kapittel 4610 - saldert budsjett og rekneskap i 1000 kroner

Kapittel 4610	Saldert budsjett 2018	Regnskap 2018
Post 01 Særskilte vederlag for tolltenester (M)	6 787	7 527
Post 02 Andre inntekter (N)	1 997	2 076
Post 04 Diverse refusjonar (M)	1 098	2 566
Post 05 Refusjon Avinor AS (M)	24 550	25 891
Post 85 Overtredingsgebyr og tvangsmulkt	17 000	20 862
Sum kapittel 4610	51 432	58 921

(M) = Meirinntektsfullmakt, (N) = Nettobudsjetteringsfullmakt

Tolletaten har i 2018 gjeve Skatteetaten fullmakt til å belaste (inntektsføre) lovbrotsgebyr fastsett av Tolletaten etter heimel i tollova § 16-17 på kap. 4610, post 85. Av rekneskapsført beløp på nærare 20,9 millionar kroner er 15,5 millionar kroner inntektsført av Skatteetaten.

Tilleggsopplysningar

Etaten nyttar Direktoratet for økonomistyring som rekneskapsfører.

Riksrevisjonen stadfestar årsrekneskapen for Tolletaten. Riksrevisjonen reviderer også Tollvesenets velferdsfond som er ført som eige rekneskap åtskilt frå dei andre midlane til staten jf. avgjerder om økonomistyring i staten pkt. 3.6.4. Vedlegg 4 viser rekneskap for velferdsfondet.

Årsrekneskapen er no under revisjon, og vi ventar at revisjonsberetninga ligg føre 2. kvartal 2019. Revisjonsberetninga vil bli offentleggjort på nettsidene til etaten (toll.no) når den er offentlig tilgjengeleg.

Oslo, 5. mars 2019

Øystein Børmer
Tolldirektør

6.2. Prinsippnote årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Tolletaten er utarbeidd og avlagt etter retningslinjer fastsett i avgjerder om økonomistyring i staten fastsett 12. desember 2003 med endringar, seinast 5. november 2015. Årsrekneskapen er i samsvar med krava i avgjerdene punkt 3.4, nærare avgjerder i Finansdepartementets rundskriv R-115 og andre krav frå departementet. Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa (jf. vedlegg 3) er utarbeidd med utgangspunkt i avgjerdene punkt 3.4.2 - Grunnleggjande prinsipp for årsrekneskap:

- Rekneskapen skal følgje kalenderåret.
- Rekneskapen skal innehalde alle utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter skal førast opp i rekneskapen med brutto beløp.
- Rekneskapen skal utarbeidast i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i avgjerdene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlina «netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane. Verksemda er tilknytt statens konsernkontoordning i Norges Bank i samsvar med krav i avgjerdene punkt 3.7.1 og vert ikkje tilført likviditet gjennom året. På slutten av året vert saldoen på den enkelte oppgjerskonto nullstilt ved overgang til nytt år.

6.3. Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser forråd verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen.

Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Denne vert stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapet som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel og post. Oppstillinga viser alle finansielle egedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste ei anna verksemd sin kombinasjon av kapittel og post (belastningsfullmakter) er ikkje vist i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B (vedlegg 3) til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytt til mottekne belastningsfullmakter er bokført og rapportert til statsrekneskapen, og er viste i kolonnen for rekneskap. Etaten har gjeve belastningsfullmakt til Skatteetaten til inntektsføring av lovbrotsgebyr på kapittel 4610 post 85 jf. note B.

6.4. Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomverande med statskassa.

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal etaten har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Etaten har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og er difor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Note 8 (vedlegg 3) viser forskjellar mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa.

6.5. Velferdsfondet for Tollvesenet

Prinsippnote – oppstilling av løyvingssrapporteringa for fondet

Årsrekneskapen for fondet er utarbeidd og avlagt etter nærare retningslinjer fastsett i avgjerdene om økonomistyring i staten (avgjerdene), fastsett 12. desember 2003 med endringar, seinast 5. november 2015. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i avgjerdene punkt 3.4.6 og nærare avgjerder i Finansdepartementets rundskriv R115, punkt 8.

Velferdsfondet for Tollvesenet vart oppretta ved vedtak i Stortinget 8. mars 1960. Eit statleg fond er ein formuemasse (kapital) som er åtskilt frå dei andre midlane til staten i rekneskapen, og der bruken er bunde til eit nærare fastsett føremål som varer utover eitt budsjettår. Fond har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal skje gjennom statens konsernkontoordning og likvidane skal oppbevarast på oppgjerskonto i Norges Bank. Forråd på oppgjerskonti vert overførte til nytt år. Oppstilling av løyvingssrapporteringa for fondet går fram av vedlegg 4.

Løyvingssrapportering

Øvre del av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser fondet sin saldo og likvidrørsler på fondet sin oppgjerskonto i Norges Bank. Alle finansielle egedelar og forpliktingar som fondet er oppført med i statens kapitalrekneskap står i den nedre delen av oppstillinga.

Prinsippnote til årsrekneskapen – oppstilling av fondsrekneskapen

Fondsrekneskapen tilsvarar oppstillinga av verksemdsrekneskapen i årsrekneskapen for statlege verksemdar.

Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringar til fondet) står i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalte. Utgifter (overføringar frå fondet) står i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalte.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Resultatet for perioden er forskjellen mellom overføring til fondet og overføring frå fondet og resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga. I note til fondsrekneskapen omtalar vi kortsiktige fordringar. Opplysninga går ikkje fram av balansen fordi rekneskapen vert utarbeidd etter kontantprinsippet, men fondet hadde per 31. desember 2018 ingen uteståande fordringar.

Kapitalinnskott eller tilbakebetaling av kapitalinnskott i fondet visast ikkje i resultatoppstillinga, men blir ført direkte i balansen mot innskott fondskapital. Fondsrekneskapen er oppstilt etter krav i avgjerdene punkt 3.4.6 og viser alle utgifter, inntekter, egedelar og fondskapital til fondet. Årsrekneskapen for fondet går fram av vedlegg 4.

7. Oversikt vedlegg

1. A: Forklaringsvariabler for Tolletaten 2018
 B: Forklaringsvariabel - Kvalitet på informasjon og effektivitet
 C: Forklaringsvariabler - Alkoholholdige drikkevarer, narkotika og tobakksvarer
2. Beslagsstatistikk 2018
3. Oppstilling av bevilgnings- og artskontorapportering
4. Velferdsfondet Tollvesenet 2018

8. Tabellar og figurar

Tabell 1: Utvalde volumtal 2016-2018	5
Tabell 2: Nøkkeltal frå rekneskapen 2016-2018.....	5
Tabell 3: Oversikt over mål, resultatindikatorar og resultat i 2018.....	7
Tabell 4: Hovudmål 1 - resultat og måloppnåing resultatindikatorar 2016-2018*.....	8
Tabell 5: Tal på deklarasjonar og varelinjer for 2014–2018	9
Tabell 6: Hovudmål 2 - resultat og måloppnåing resultatindikatorar 2016-2018.....	14
Tabell 7: Tal på alvorlege lovbrøt hovudmål 2 og AOT- beslag fordelt på kontrollobjekttype...	18
Tabell 8: Status for oppdrag frå Finansdepartementet.....	21
Tabell 9: Faktiske årsverk per eining	29
Tabell 10: Tal på tilsette per eining	30
Tabell 11: Alderssamansetnad – tal på tilsette fordelt på einingar	30
Tabell 12: Turnover i Tolletaten 2016-2018	31
Tabell 13: Sjukefråvær 2017 og 2018 - totalt og fordelt på einingar	32
Tabell 14: Kjønnssamansetnad - totalt og fordelt på einingar	33
Tabell 15: Leiarstillingar fordelt på kjønn i Tolldirektoratet	34
Tabell 16: Leiarstillingar fordelt på kjønn i regionane	34
Tabell 17: Inntekter kapittel 4610 - saldert budsjett og rekneskap i 1000 kroner	40
Figur 1: Organisasjonskart Tolletaten	4
Figur 2: Alvorlege lovbrøt for hovudmål per område 2016-2018	12
Figur 3: Tal på narkotikabeslag 2009-2018.....	16
Figur 4: Beslaglagt mengde alkoholholdige drikkevarer, narkotika og tobakksvarer omrekna til brukardosar	17
Figur 5: AOT-beslag av narkotika - fordelt på del av kontrollobjekt	19
Figur 6: Gjennomsnittleg mengde i AOT-beslag av øl i liter	19
Figur 7: Disponibel ramme drift og investering.....	25
Figur 8: Driftsutgifter post 01 fordelt på kostnadsgrupper	26
Figur 9: Ressursbruk per hovudområde, kompetanseheving og administrasjon	26